



Prop. 121 LS

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

Innhold

| | | | | | |
|----------|--|-----------|------------|---|-----------|
| 1 | Innleiing | 5 | 8 | Tilpasser skatteavgrensings-regelen til trinnskatten | 24 |
| 2 | Fritak fra meirverdiavgift ved uttak av næringsmiddel | 7 | 8.1 | Innleiing og samandrag | 24 |
| 2.1 | Innleiing og samandrag | 7 | 8.2 | Bakgrunn og gjeldande rett | 24 |
| 2.2 | Gjeldande rett | 7 | 8.3 | Vurderinger og forslag | 24 |
| 2.2.1 | Generelt om meirverdiavgift og uttak | 7 | 8.4 | Økonomiske og administrative følgjer | 24 |
| 2.2.2 | Uttak av varer | 8 | | Iverksetjing | 25 |
| 2.2.3 | Uttak av tenester | 8 | 9 | Presiseringar i skattereglane for verdipapirfond | 26 |
| 2.2.4 | Meir om uttak av varer og tenester til særskilde føremål i verksemda | 9 | 10 | Verksemduvurdering av skogbruk – overgangsregel | 27 |
| 2.3 | Utanlandsk rett | 9 | | Innleiing og samandrag | 27 |
| 2.3.1 | EU | 9 | 10.1 | Vurderinger og forslag | 27 |
| 2.3.2 | Danmark | 10 | 10.2 | Økonomiske og administrative følgjer | 27 |
| 2.4 | Høyringa | 10 | 10.3 | Iverksetjing | 27 |
| 2.4.1 | Om høyringsnotatet | 10 | | Endring av produktavgifta i fiskerinæringa | 28 |
| 2.4.2 | Generelle syn fra høyringsinstansane | 10 | 10.4 | Høve til å frita fritidsbustader for eigedomsskatt | 29 |
| 2.5 | Vurderinger og forslag | 11 | 11 | Innleiing og samandrag | 29 |
| 2.5.1 | Innleiing | 11 | | Gjeldande rett | 29 |
| 2.5.2 | Avgiftssubjektet | 11 | | Vurderinger og forslag | 30 |
| 2.5.3 | Varer som fritaket skal omfatte | 12 | 12 | Økonomiske og administrative følgjer | 30 |
| 2.5.4 | Kravet om vederlagsfri levering ... | 13 | | Iverksetjing | 31 |
| 2.5.5 | Krav til mottakaren | 14 | 12.1 | Innføring av maksimumssats på to promille ved første gongs utskrivning av eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader | 32 |
| 2.5.6 | Krav til velgjerd | 16 | 12.2 | Innleiing og samandrag | 32 |
| 2.5.7 | Dokumentasjon | 17 | 12.3 | Gjeldande rett | 32 |
| 2.6 | Økonomiske og administrative følgjer | 17 | 12.4 | Vurderinger og forslag | 32 |
| 2.7 | Iverksetjing | 17 | 12.5 | Økonomiske og administrative følgjer | 33 |
| 3 | Omtale av trafikkforsikrings-avgifta | 13 | | Iverksetjing | 33 |
| 4 | Overgangsordning for vegbruksavgift på naturgass | 19 | 13.1 | Justert verknadstidspunkt for endra avskrivningsreglar for vindkraft | 34 |
| | | | 13.2 | Innleiing og samandrag | 34 |
| 5 | Utsett iverksetjing av flypassasjeravgifta | 21 | 13.3 | Vurderinger og forslag | 34 |
| | | | 13.4 | Økonomiske og administrative følgjer | 35 |
| 6 | Tollfridom for informasjons-teknologivarer | 22 | 13.5 | Iverksetjing | 33 |
| 7 | Skattlegging av lån frå selskap til deltarar | 23 | 14 | | |
| 7.1 | Skattlegging av lån frå deltararlikna selskap til personleg deltarar | 23 | 14.1 | | |
| 7.2 | Skattlegging av aksjonaerlån – justering i ordlyden | 23 | 14.2 | | |
| | | | 14.3 | | |

| | | | | | |
|-----------|--|-----------|-----------|---|-----------|
| 15 | Endra frist for å betale lønnstrekk på Svalbard | 36 | 17 | Opprettingar og presiseringar i lovtekst | 41 |
| 15.1 | Innleiing og samandrag | 36 | 17.1 | Korttitlar til lover på skatte- og avgiftsområdet | 41 |
| 15.2 | Bakgrunn og gjeldande rett | 36 | 17.2 | Skattelova § 10-42 | 41 |
| 15.3 | Høyringa | 37 | 17.3 | Skattelova § 10-44 | 41 |
| 15.4 | Vurderingar og forslag | 37 | | | |
| 15.5 | Økonomiske og administrative følgjer | 38 | | | |
| 15.6 | Iverksetjing | 38 | | | |
| 16 | Endringar i reglane for forskotstrekk | 39 | 18 | Omtale av oppmodingsvedtak om tiltak mot svart arbeid | 42 |
| 16.1 | Innleiing og samandrag | 39 | | | |
| 16.2 | Skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7 .. | 39 | | | |
| 16.3 | Skattebetalingslova § 5-9 | 40 | | | |
| 16.4 | Økonomiske og administrative følgjer | 40 | | | |
| 16.5 | Iverksetjing | 40 | | | |
| | | | 19 | Omtale av arbeidet med sektorunntaka for energi og transport i den differensierte arbeidsgjevaravgifta | 43 |
| | | | | A – Forslag til lovvedtak | 46 |
| | | | | B – Forslag til stortingsvedtak | 53 |

Prop. 121 LS

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 11. mai 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I samanheng med Revidert nasjonalbudsjett 2016 foreslår regjeringa følgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har provenyverknad for 2016:

- Iverksettinga av flypassasjeravgifta blir utsett til 1. juni 2016. Utsettinga er anslått å gi eit provenytap på om lag 250 mill. kroner påløpt og bokført i 2016.
- Skatteavgrensingsregelen blir tilpassa trinnskatten. Tilpassinga er anslått å gi ei eit provenytap på om lag 14 mill. kroner påløpt og 7 mill. kroner bokført i 2016.

Forsлага til endringar i skatte- og avgiftsopplegget inneber ein samla reduksjon i provenyet på om lag 264 mill. kroner påløpt og om lag 257 mill. kroner bokført i 2016 samanlikna med saldert budsjett for 2016.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre regelendringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Uttak av næringsmiddel som blir levert utan vederlag til eit velgjerande føremål, blir fritatt frå meirverdiavgift.
- Det blir innført ei refusjonsordning for naturgass brukt som supplement til biogass.

- Omfanget av varer som er omfatta av ITA-avtalen som forpliktar Norge til å avvikle toll på informasjonsteknologivarer, blir utvida.
- Lån frå deltararligna selskap til personleg deltarar blir skattlagd tilsvarende som utbytte.
- Presiseringar i skattereglane for verdipapirfond.
- Overgangsordninga for skattlegging av skog som frå 2016 ikkje lenger blir å rekne for skogbruk, blir endra slik at skogeigar kan velje å føre gjennomsnittsunderheng på vinst- og tapskonto.
- Produktavgifta til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringa blir redusert frå 2,7 til 2,5 pst. frå og med 1. juli 2016.
- Kommunane får moglegheit til å frita fritidseigedomar frå eigedomsskatt.
- Kommunane må nytte lågaste skattesats på to promille for bustader og fritidsbustader første året det blir skriven ut eigedomsskatt på slik eigedom.
- Verknadstidspunktet for dei nye avskrivingsreglane om vindkraft blir utsatt til 19. juni 2015.
- Arbeidsgjevarar som gjer lønnstrekk for å dekke skatten til arbeidstakarar på Svalbard,

- skal betale skatten seks gonger i året i staden for to.
- Ein gjer det klart at forskotstrekkordninga for lønn skal gjelde for alle ytingar som blir skattlagt som lønn. Tidspunktet for når det kan gje rast fritak frå forskotstrekk i pensjonar mv. blir endra. I berekningsgrunnlaget for forskotsstrekk, skal ein gjere frådrag for pensjonsinnskot til utanlandske pensjonsordningar.
 - Ein gjer enkelte opprettingar og presiseringar i lovtekst. Mellom anna får nokre lover på skatte- og avgiftsområdet offisielle korttitlar.

Ein viser også til følgjande saker som er omtalt i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2015–2016) Revidert nasjonalbudsjett 2016:

- I samband med budsjettet for 2017 vil det bli foreslått ei midlertidig og avgrensa ordning med utsett formuesskatt for eigaraar av verksmeder som går med rekneskapsmessig underskot. Ein tek sikte på at ordninga skal gjelde frå og med inntektsåret 2016.
- Status for støtte til ENØK-tiltak i private hushald.
- Omtale av den generelle ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon i kommunesektoren.

I denne proposisjonen legg departementet fram forslag til:

- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
- lov om endring i lov 28. juni 1949 nr. 15 om adgang for Kongen til å inngå overenskomst med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v.

- lov om endring i lov 19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter
- lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eige-domsskatt til kommunane
- lov om endring i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endring i lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard
- lov om endring i lov 29. november 1996 nr. 69 om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis
- lov om endring i lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
- lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endring i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 14. desember 2015 nr. 1568 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2016
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 14. desember 2015 nr. 1570 om særavgifter til staten for budsjettåret 2016
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 14. desember 2015 nr. 1571 om toll for budsjettåret 2016.

2 Fritak frå meirverdiavgift ved uttak av næringsmiddel

2.1 Innleiing og samandrag

Departementet legg med dette fram eit forslag om fritak frå meirverdiavgift ved uttak av næringsmiddel som blir leverte utan vederlag til velgjerande føremål.

Forslaget inneber at avgiftspliktige aktørar i matbransjen ikkje skal rekne meirverdiavgift på uttak av mat- og drikkevarer som dei gir bort. Varene må bli leverte vederlagsfritt til ein mottakar som er registrert i Einingsregisteret. Mottakaren må dele ut varene på velgjerande grunnlag. Det er foreslått ein forskriftsheimel for å kunne avgrense nærmere kven som kan vere mottakar av varene og kva som kan reknast som utdeling på velgjerande grunnlag. Departementet vil dessutan følgje opp forslag om dokumentasjonsreglar i forskrift.

Bakgrunnen for forslaget er mellom anna arbeidet til Regjeringa med å redusere matsvinn. Meirverdiavgift ved uttak kan føre til at bedrifter vel å destruere matvarer i staden for å gi dei bort til velgjerande føremål.

Forsлага i denne proposisjonen er overeins med forslaga som blei sette fram i høyringsnotat 29. mars 2016.

Departementet legg til grunn at forslaga ikkje vil få nemneverdige økonomiske eller administrative følgjer.

Departementet viser til forslag om endringar i meirverdiavgiftslova § 6-19.

2.2 Gjeldande rett

2.2.1 Generelt om meirverdiavgift og uttak

Meirverdiavgifta er ei generell avgift på innanlandsk forbruk av varer og tenester. Meirverdiavgifta sitt føremål er å skaffe staten inntekter, og den er ei av staten sine viktigaste inntektskjelder. For 2016 vil den bringe inn om lag 263,5 mrd. kroner.

Registrerte avgiftssubjekt krev opp meirverdiavgifta på vegner av staten, og alle ledd i omsetninga av varer og tenester skal som hovudregel rekna ut meirverdiavgift. Registrerte avgiftssub-

jekt har rett til å føre inngående meirverdiavgift til frådrag i avgiftsoppgjeret sitt med staten. Meirverdiavgifta som det einskilde leddet betaler inn, blir rekna ut på grunnlag av meirverdien eller verdi-veksten som er skapt i det leddet som skal betale inn. Frådragsretten gjer meirverdiavgifta nøytral ved omsetning av varer og tenester mellom registrerte avgiftssubjekt. Staten tek ikkje endeleg imot beløpet før vara eller tenesta er omsett til den som etter systemet er forbrukar, dvs. alle utan frådragsrett.

Meirverdiavgifta er ei avgift på transaksjonar, og den vanlegaste aktiviteten som utløyser avgiftsplikt er omsetning, jf. meirverdiavgiftslova § 3-1 første ledd. Meirverdiavgiftslova § 1-3 første ledd bokstav a definerer omsetning som levering av varer og tenester mot vederlag. Som vederlag reknar ein ikkje berre vanlege betalingsmiddel, men alle godtjeringar av økonomisk verdi. Det blir òg rekna som omsetning når varer eller tenester blir leverte som heilt eller delvis vederlag for varer eller tenester (bytte).

Meirverdiavgiftslova § 4-1 første ledd slår fast at det er vederlaget som er utrekningsgrunnlaget for meirverdiavgifta ved omsetning av varer og tenester. Sjølv avgifta blir ikkje rekna med. Når det gjeld byttehandel, dvs. at vederlaget heilt eller delvis inneheld anna enn vanlege betalingsmiddel, er utrekningsgrunnlaget i utgangspunktet prisen på den leverte ytinga, jf. meirverdiavgiftslova § 4-3 første ledd.

Vidare må avgiftspliktige verksemder på nærmare vilkår rekne meirverdiavgift på uttak av varer og tenester. Føremålet med reglane om uttak er at alt forbruk blir belasta med meirverdiavgift. Meirverdiavgift ved uttak skal dessutan sikre konkurransenøytralitet. Det er til dømes uttak når ei vare som normalt blir selt til kundar, blir teke ut av verksemda til privat bruk for den næringsdrivande. Reglane om uttak vil vidare innebere at kvart ledd i matverdikjeda har plikt til å rekne ut meirverdiavgift ved utdeling av matvarer på velgjerande grunnlag.

Plikta til å rekne meirverdiavgift på uttak av varer er nærmare regulert i meirverdiavgiftslova § 3-21, medan uttak av tenester er nærmare regulert

i meirverdiavgiftslova § 3-22. Fleire særskilte føresegner om uttak er gitt i meirverdiavgiftslova § 3-23 til § 3-28. Det er også i visse tilfelle gitt fritak frå plikta til å rekne meirverdiavgift, sjá meirverdiavgiftslova §§ 6-17 f.

Etter meirverdiavgiftslova § 4-9 er utrekningsgrunnlaget ved uttak den alminnelege omsetningsverdien for tilsvarande varer og tenester.

2.2.2 Uttak av varer

Meirverdiavgiftsplikta ved uttak av varer følgjer av meirverdiavgiftslova § 3-21. Det skal reknast meirverdiavgift når ei vare blir teke ut frå ei registrert eller registreringspliktig verksemrd, jf. første ledd første punktum i føresegna. Både uttak til privat bruk og uttak til føremål utanfor lova er omfatta. At vara blir teke ut, inneber at bruken av vara i den avgiftspliktige verksemda heilt eller delvis blir avslutta. Eit døme på dette kan vere at ein innehavar av ein daglegvarebutikk tek matvarer med heim til familien sin. Avgifta skal rapporterast inn som utgående avgift. Dersom eit avgifts subjekt driv verksemrd som dels er avgiftspliktig og dels ikkje er omfatta av meirverdiavgiftslova, og uttaket blir gjort frå den avgiftspliktige delen til den delen som er ikkje avgiftspliktig, skal det reknast meirverdiavgift på uttaket.

Ein føresetnad for meirverdiavgiftsplikt ved uttak er at avgiftssubjektet har hatt rett til frådrag for inngående meirverdiavgift ved anskaffinga eller framstillinga av vara, jf. meirverdiavgiftslova § 3-21 andre ledd første punktum. Meirverdiavgift skal likevel reknast, sjølv om det ikkje er rett til frådrag, dersom grunnen til dette er at vara ved anskaffinga er friteke for meirverdiavgift, jf. § 3-21 andre ledd andre punktum i føresegna.

Ei følgje av vilkåret om frådragsrett ved anskaffinga, er at plikta til å rekne meirverdiavgift på uttak er avgrensa proporsjonalt med retten til frådrag. Føresegna om forholdsmessig frådragsrett går fram av meirverdiavgiftslova § 8-2.

Det fins einskilde fritak frå plikta til å rekne meirverdiavgift på uttak av varer. Meirverdiavgiftslova § 6-17 gir heimel for fritak frå meirverdiavgift ved uttak av varer (og tenester) dersom tilsvarande omsetning har fritak etter kapittel 6 i meirverdiavgiftslova. Dette inneber til dømes at ein kioskeigar som tek med seg ei avis heim, ikkje skal rekne meirverdiavgift på uttaket. Meirverdiavgiftslova § 6-18 inneheld fritak frå meirverdiavgift ved uttak av varer (og tenester) til bedriftskantiner. Etter meirverdiavgiftslova § 6-19 andre ledd skal det vidare ikkje reknast meirverdiavgift når registrerte næringsdrivande leverer

varer (og tenester) vederlagsfritt til frivillige organisasjonar som ledd i ein naudhjelpsaksjon i samband med ein naturkatastrofe. Det skal derfor ikkje reknast avgift dersom ein daglegvarebutikk gir bort matvarer til ein frivillig organisasjon som deltek i hjelpearbeid etter naturkatastrofar.

Meirverdiavgiftslova § 3-27 slår elles fast at uttak av varer (og tenester) som er unntekne frå meirverdiavgiftslova, ikkje fører til plikt til å rekne meirverdiavgift.

2.2.3 Uttak av tenester

Meirverdiavgiftsplikta ved uttak av tenester følgjer av meirverdiavgiftslova § 3-22 første ledd. Det skal reknast meirverdiavgift når ei teneste blir teke ut frå ei registrert eller registreringspliktig verksemrd til privat bruk eller til andre føremål utanfor den samla verksemda.

Vilkåret om at det berre skal reknast meirverdiavgift ved uttak av tenester som blir nytta privat eller til andre føremål utanfor den samla verksemrd, gjeld ikkje for tenester som nemnt i meirverdiavgiftslova § 3-22 andre ledd (særskilte føremål og byggearbeid mv.). Med samla verksemrd meiner ein verksemrd både innanfor og utanfor meirverdiavgiftslova sitt område så lenge aktivitetane blir utøvdve av eitt avgiftssubjekt.

Eit vilkår for uttak er at tenesta blir teke ut frå verksemda. Uttaksreglane vil derfor ikkje vere aktuelle når til dømes ein avgiftspliktig røyrleggar målar sitt eige hus. Dette er fordi målartenester ikkje er ein del av røyrleggaren sine ytingar til kundane sine. Tenesta må vere av ein art som anten blir omsett i verksemda, blir nytta i verksemda, eller på anna vis har ei tilknyting til verksemda. Tenester som ikkje er omfatta av verksemda sine vanlege gjeremål, utløyser derfor ikkje avgiftsplikt.

På same vis som for varer er det gitt fleire fritak frå plikta til å rekne meirverdiavgift på uttak av tenester. Mellom anna skal det ikkje reknast meirverdiavgift når registrerte næringsdrivande leverer tenester vederlagsfritt til frivillige organisasjonar som ledd i ein naudhjelpsaksjon etter ein naturkatastrofe, jf. § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

Meirverdiavgiftslova § 6-19 første ledd gir fritak frå meirverdiavgift ved uttak av tenester som blir ytt vederlagsfritt på velgjerande grunnlag. Fritaket er generelt i si utforming og det er mellom anna ikkje sett noko øvre grense for dei avgiftsfrie tenestene. Det er heller ikkje sett avgrensingar for kven som kan vere mottakar av tenestene.

2.2.4 Meir om uttak av varer og tenester til særskilde føremål i verksemda

Meirverdiavgiftslova § 3-23 har reglar om uttak av varer og tenester til særskilde føremål i verksemda. Føresegna gjeld varer og tenester som verksemda har hatt rett til å gjere frådrag for, men som seinare blir nytta i verksemda til eit særskilt føremål som det ikkje er rett til å gjere frådrag for. Særskild for meirverdiavgiftsplikta etter denne føresegna er at den rammar bruk innan den avgiftspliktige verksemda. Grunnen til dette er at bruken i stor grad ber preg av endeleg forbruk som i prinsippet skal avgiftsleggjast i eit meirverdiavgiftssystem.

Etter meirverdiavgiftslova § 3-23 bokstav a oppstår meirverdiavgiftsplikt når varer og tenester frå verksemda blir nytta til kost til eller naturallønning av innehavar, leiing, tilsette og pensjonistar i verksemda. Forutan kost i arbeidstida og i samband med losji, rammer føresegna òg ei rekke andre vederlagsfrie ytingar frå verksemda til personar som nemnt. Andre ytingar som ikkje blir omfatta av denne føresegna, vil likevel bli omfatta av dei generelle reglane om uttak til privat bruk, sjá meirverdiavgiftslova § 3-21 og § 3-22.

Etter meirverdiavgiftslova § 3-23 bokstav b skal det òg svarast meirverdiavgift når varer og tenester frå verksemda blir nytta i verksemda til oppføring, vedlikehald, innleie og drift av fast eigedom som skal dekke bustads- eller velferdsbehov, som til dømes lausøyre og utstyr til slike eigedomar.

Det følgjer av meirverdiavgiftslova § 3-23 bokstav c at det skal reknast meirverdiavgift dersom varer og tenester frå verksemda blir nytta i verksemda til representasjon. Dette gjeld òg jubilé og julebord mv.

Det skal dessutan reknast meirverdiavgift når ei vare eller ei teneste frå den registrerte eller registreringspliktige verksemda blir nytta i verksemda til gáve eller utdeling som reklame. Dette følgjer av meirverdiavgiftslova § 3-23 bokstav d. Det skal likevel ikkje reknast meirverdiavgift dersom vara har ein bagatellmessig verdi. Med «bagatellmessig verdi» er det meint 100 kroner eller mindre, jf. meirverdiavgiftsforskrifta § 1-3-6. Beløpsgrensa knyter seg til ytinga si vanlege omsetningsverdi inklusive meirverdiavgift. Den gjeld dessutan for den einskilde mottakaren av gáva/gávene og viser ikkje til verdien av verksemda sine samla utdelingar. Verdigrensa er mellom anna grunna i at utdeling av normale smaks- og vareprøver ikkje skal bli avgiftspliktig. At avgiftsplikta ikkje gjeld dersom vara har ein baga-

tellmessig verdi, inneber at ein daglegvarebutikk kan gi bort varer frå si varebehaldning utan å måtte rekne meirverdiavgift, så lenge verdien for den einskilde mottakaren ikkje er meir enn 100 kroner.

2.3 Utanlandsk rett

2.3.1 EU

Alle medlemslanda i EU har eit meirverdiavgiftssystem. Hovuddirektivet for meirverdiavgift, Rådsdirektiv 2006/112/EF (meirverdiavgiftsdirektivet), set krav til og rammer for medlemslanda sine regelverk på området, men det er opp til nasjonale styresmakter korleis innhaldet i direktivet skal gjennomførast i nasjonal rett.

Meirverdiavgiftsdirektivet sitt system samsvarer på mange vis med det norske systemet. På same vis som i Noreg skal det som hovudregel reknast meirverdiavgift ved all omsetning og uttak av varer og tenester.

Hovudregelen om meirverdiavgiftsplikt ved vareomsetning følgjer av artikkel 2 nr. 1 bokstav a i direktivet som slår fast at levering av varer mot vederlag er avgiftspliktig. Plikta til å rekne meirverdiavgift ved uttak av varer går fram av artikkel 16 første ledd. Når ein næringsdrivande tek ei vare ut frå verksemda til privat bruk for seg sjølv eller sine tilsette, til bruk som gáve eller meir generelt til føremål som er verksemda uvedkommande, skal uttaket vurderast som levering av vare mot vederlag. Det er eit vilkár at det heilt eller delvis var rett til frådrag for meirverdiavgifta på den aktuelle vara eller deler av ho. Meirverdiavgift skal reknast av innkjøpsprisen for vara eller tilsvarande vare på det tidspunktet uttaket finn stad, jf. artikkel 74. Etter artikkel 16 andre ledd skal uttak til verksemda sin eigen bruk av gáver av mindre verdi og vareprøver ikkje bli vurdert som levering mot vederlag.

Europakommisjonen sin meirverdiavgiftskomite (VAT Committee) har gitt retningslinjer for avgiftshandsaminga når matvarer blir gitt bort til fattige. Retningslinene må sjåast på som rådgivande fråsegn frå komiteen og er ikkje rettsleg bindande. Komiteen legg til grunn at det er levering av varer mot vederlag når matvarer blir gitt til fattige. Meirverdiavgift skal likevel ikkje reknast dersom uttaket etter nasjonal rett er ei gáve av mindre verdi. Vidare uttaler komiteen at dersom uttaket er levering mot vederlag, skal grunnlaget for utrekning vere vara sin innkjøpspris justert etter tilstanden varene er i når uttaket av gáva finn stad.

Fleire av EU sine medlemsland har innført ulike former for fritak og unntak for meirverdiavgift når matvarer blir gitt bort på velgjerande grunnlag.

2.3.2 Danmark

I Danmark er hovudregelen at registrerte næringsdrivande skal rekne meirverdiavgift når ei vare blir teke ut frå den registrerte verksemda til privat bruk, til verksemda sitt personale, til bruk som gavé eller til andre føremål utanfor den registrerte verksemda, jf. den danske meirverdiavgiftslova § 5. Meirverdiavgift skal etter § 28 stk. 1 i lova reknast ut etter vara sin innkjøpspris eller framstillingspris.

Danske skattestyresmakter (Skat) gav ei fråsegn 23. oktober 2015 om grunnlaget for meirverdiavgift ved utlevering av overskotsmat til innsamlingsorganisasjonar. Skat uttala at matvareprodusentar, matvaregrossistar og supermarknader som leverer overskotsmat til innsamlingsorganisasjonar mot ein pris per eining, til dømes per kilo/tonn, kan nytte denne prisen som utrekningsgrunnlag for meirverdiavgift ved omsetninga. Utleveringa av matvarer mot vederlag blir ikkje rekna som uttak, men som omsetning, uavhengig av om prisen er symbolsk. Meirverdiavgift skal berre reknast av den symbolske verdien. Skat legg vekt på at det gjeld overskotsvarer som verksemda normalt ville ha destruert og som derfor utgjer ein negativ verdi for verksemda.

2.4 Høyringa

2.4.1 Om høyingsnotatet

Departementet sende eit forslag om fritak fra meirverdiavgift ved uttak av næringsmiddel på høyring 29. mars 2016. Forslaget gjekk ut på at det ikkje skal reknast uttaksmeirverdiavgift når ein næringsdrivande som er avgiftspliktig, leverer næringsmiddel vederlagsfritt til ein mottakar for vidare utdeling på velgjerande grunnlag. Mottakaren må vere registrert i Einingsregisteret. Det blei vidare framsett forslag om krav til dokumentasjon frå mottakaren på at varene er tekne i mot for utdeling på velgjerande grunnlag.

Høyingsfristen var 15. april 2016. Høyingsnotatet blei sendt til 123 høyingsinstansar og blei dessutan publisert på regjeringa sine nettsider. Totalt har departementet teke imot 31 høyingsfråsegner. Følgjande 23 instansar har gitt realitetsmerknader til forslaget:

- Klima- og miljødepartementet
- Skattedirektoratet
- Miljødirektoratet
- Sentralskattekontoret for storbedrifter
- Skatt nord
- Skatt øst
- Den norske Revisorforening
- Hovedorganisasjonen Virke
- Næringslivets Hovedorganisasjon NHO
- NHO Mat og Drikke
- NHO Handel
- Dagligvarehandelens Miljøforum AS
- Framtiden i våre hender
- Frivillighet Norge
- Kvekersamfunnet
- Matsentralen Oslo
- Matvett AS
- Norsk Folkehjelp
- Nortura SA
- Orkla ASA
- Samvirkesenteret
- Tine SA
- Øyafestivalen

2.4.2 Generelle syn frå høyingsinstansane

Høyingsinstansane som har gitt innspel er positive til forslaget om eit fritak.

NHO uttalar:

«NHO er svært positiv til at regjeringen foreslår å fjerne et avgiftsmessig incentiv til å kaste mat fremfor å gi den bort på veldig grunnlag. Vi mener dette er et riktig tiltak for å bidra til å redusere problemet med matsvinn.»

Frivillighet Norge uttalar:

«Vi er positive til at formålet med lovendringen er å legge til rette for utdeling av næringsmidler til veldig formål. Mange frivillige organisasjoner har behov for mat til sine ulike aktiviteter, og forslaget fjerner en barriere for samarbeid mellom næringsliv og frivillige organisasjoner som både kan bidra til å minke matsvinn og styrke aktiviteter i frivilligheten.»

Matsentralen Oslo uttalar:

«Vi imøteser den foreslalte lovendringen med stor glede. Dette er etter vår mening et langt og viktig steg i riktig retning, både ut i fra et miljø- og et sosialt perspektiv, og vil resultere i at mer mat spises og ikke kastes.»

Skattedirektoratet uttalar:

«Skattedirektoratet er i utgangspunktet positiv til at det innføres et merverdiavgiftsfritak for vederlagsfri levering av matvarer på veldig grunnlag. Det dreier seg i hovedsak om matvarer som på kort tid blir ukurante noe som påvirker bruttofortjenesten i form av svinn, dvs. varer som uansett ikke blir merverdiavgiftsberegnet. Merverdiavgiftsfritaket vil bryte med prinsippet om at alt forbruk skal avgiftsbelastes, men vil også være et bidrag i arbeidet med å redusere matsvinn.»

Fleire instansar foreslår endringar når det gjeld sjølvre avgrensinga av fritaket. Det som flest instansar har merknader til, er dei foreslegne vilkåra om vederlagsfridom, velgjerd og kven som kan vere mottakar av varene. Det har òg kome merknader til forslaget om dokumentasjon. Vidare har det kome merknader som gjeld administrasjon og kontroll av ordninga. Merknadene blir omtalte under, i samband med handsaminga av dei aktuelle spørsmåla.

I høyringsrunden har enkelte høyringsinstansar sett fram merknader som ikkje direkte er knytte opp mot forslaga som er lagt fram i denne proposisjonen. Departementet har ikkje gått nærmare inn på desse innspela her.

2.5 Vurderingar og forslag

2.5.1 Innleiing

D e p a r t e m e n t e t viser til at reglane om uttak har ein sentral plass i meirverdiavgiftssystemet. Dei medverkar til at forbruk blir belasta med meirverdiavgift og dermed til konkurransenøytralitet. Reglane inneber til dømes at forbruk av varer som er knytt opp til svart omsetning, ikkje kan forklarast bort som store gråveutdelingar. Plikta til å betale meirverdiavgift når varer blir tekne ut av den avgiftspliktige verksemda, er etter departementet sitt syn ein viktig føresetnad for at meirverdiavgifta skal vere ei generell avgift på innanlands forbruk av varer og tenester.

Etter departementet si oppfatning er det like fullt einskilde tilhøve knytt til matvarer som taler for at ein bør lempe uttaksmeirverdiavgifta. Ulike ledd i verdikjeda har ofte brukande matvarer som likevel ikkje kan seljast til etterfølgjande omsetningsledd eller til endeleg forbrukar. Dette kan vere på grunn av interne standardar for vidare distribusjon, datomerking for haldbarheit eller skadd emballasje. I slike høve kan aktørane velje å gi

bort eller å destruere maten. Det skal reknast meirverdiavgift når mat blir gitt bort til velgjerdarbeid, medan destruksjon av matvarer eller varesvinn ikkje i seg sjølv fører til plikt til å rekna ut meirverdiavgift. Omsynet til konkurransenøytralitet gjer seg i mindre grad gjeldande for matvarer som elles ville ha blitt destruerte. Det er derfor gode grunnar for å fjerne plikta til å rekne ut og betale meirverdiavgift ved utdeling av matvarer. Meirverdiavgifta vil dermed ikkje skunde til destruksjon av matvarene. Departementet viser òg til regjeringa si målsetting om å redusere matsvinnet. Forslaget om eit fritak frå meirverdiavgift ved uttak kan vere eit bidrag i dette arbeidet.

Departementet viser til at det ikkje er sett fram motførestellingar til eit fritak i høyringsrunden.

Det er behov for ei nærmare avgrensing av fritaket som er foreslått, sjå punkta 2.5.3 til 2.5.7.

Det blir vist til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.2 Avgiftssubjektet

2.5.2.1 Forslag i høyringsnotatet

Departementet foreslo at alle avgiftssubjekt skal kunne bruke fritaket.

2.5.2.2 Synet til høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane hadde merknader til dette.

2.5.2.3 Departementet sitt forslag

D e p a r t e m e n t e t vidarefører forslaget i høyringsnotatet om at fritaket skal gjelde for næringsmiddel som blir leverte vederlagsfritt. Departementet har vurdert behovet for ei regulering av kva for avgiftssubjekt som skal omfattast av fritaket. Omsetning kan skje frå avgiftssubjekt i primærnæringa, næringsmiddelindustrien og daglegvarebransjen, og frå detaljistar og grossistar. Det finst serveringsstader som omset mat- og drikkevarer for såkalla «take away», og somme stader i landet blir «matkassar» omsett til private hushald.

Departementet reknar med at næringsdrivande innanfor alle desse områda vil ha næringsmiddel som ikkje kan omsetjast, til dømes på grunn av haldbarheitstida eller emballasjen si tilstand. Då kan det vere aktuelt å gi bort maten framfor å destruere den. For at føremålet med fritaket skal bli nådd, finn departementet at det ikkje

er grunn til å setja nærmere krav til kva for avgifts subjekt som skal vere omfatta av fritaket.

Det blir vist til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.3 Varer som fritaket skal omfatte

2.5.3.1 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått at fritaket burde gjelde næringsmiddel, slik omgrepet allereie er definert i meirverdiavgiftslova. Dette omfattar alle mat- og drikkevarer.

2.5.3.2 Synet til høyringsinstansane

NHO Mat og Drikke uttalar:

«NHO Mat og Drikke er glade for at bedriftene ikke behøver å foreta en vanskelig grenseoppgang, men at alle varer som er å anse som næringsmidler etter merverdiavgiftsloven § 5-2 vil bli omfattet av fritaket, også varer som har lang tid igjen til holdbarhetstiden utløper og for øvrig er å anse som ordinære salgsvarer.»

Den norske Revisorforening meiner at behovet for å avgrense fritaket til næringsmiddel burde vere nærmere belyst, og at andre varer enn næringsmiddel burde vere omfatta, til dømes klede, sko og hushaldsartiklar.

2.5.3.3 Departementet sitt forslag

Departementet vidarefører forslaget i høyringsnotatet om at fritaket skal gjelde for næringsmiddel.

Føremålet for arbeidet med eit fritak var mellom anna arbeidet med å redusere matsvinn. I punkt 31.4 i Prop. 1 LS (2015–2016) Skatter, avgifter og toll 2016 blei forslaget grunngitt på følgjande vis:

«Gjeldende uttaksregler innebærer at det skal beregnes merverdiavgift dersom aktører innen dagligvarebransjen mv. leverer næringsmidler vederlagsfritt på veldig grunnlag. Det er opplyst at virksomheter i dagligvarebransjen ofte velger å destruere nyttbare matvarer som vurderes til ikke å utgjøre salgsvarer, framfor å dele ut varene vederlagsfritt på veldig grunnlag. Bransjeaktørene har holdt fram at merverdiavgiftsbelastningen ved slike utdelinger gir et insentiv til å destruere matvarene.»

På bakgrunn av dette har departementet lagt til grunn at fritaket berre skal gjelde mat- og drikkevarer. Andre varer, som til dømes klede, sko, leiker, utstyr mv., blir dermed ikkje omfatta av forslaget. Eit fritak for mange ulike varer ville kunne ha store konsekvensar for mellom anna proveny og konkurransenøytralitet. Det har ikkje vore aktuelt å vurdere dette i denne omgangen.

Omgrepet «næringsmiddel» er allereie brukt i meirverdiavgiftslova. Omgrepet er definert i meirverdiavgiftslova § 5-2 andre ledd og i meirverdiavgiftsforskrifta § 5-2-1 første ledd. I følge desse føresegnene skal næringsmiddel omfatte alle mat- eller drikkevarer og alle andre varer som har ein kvalitet som gjer dei eigna til å bli konsumert av menneske og som blir omsette til slikt konsum. Kravet til konsum inneber at vara må bli teke inn i kroppen igjennom fordøyningssystemet. Dette inneber at tannkrem og munnvatn mv. ikkje er næringsmiddel i denne samanhengen. Kravet om at vara skal vere eigna til å bli konsumert av menneske siktar til kvalitetskrav i lov eller med heimel i lov, til dømes i lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven). Dersom det oppstår tvil om ei vara er eit næringsmiddel, kan det vektleggast at vara er eit næringsmiddel etter definisjonen i generell forskrift 8. juli 1983 nr. 1252 for produksjon og omsetning mv. av næringsmidlar, jf. meirverdiavgiftsforskrifta § 5-2-1 andre ledd. Legemiddel, tobakksvarer, alkoholhaldige drikkevarer og vatn frå vassverk er ikkje «næringsmiddel», jf. meirverdiavgiftslova § 5-2 tredje ledd.

Omgrepet næringsmiddel, slik det er definert etter nemnde føresegner, er etter departementet si oppfatning ei føremålstenleg avgrensing for kva slags varer som bør vere omfatta av eit fritak. Det er eit innarbeida omgrep i regelverket for meirverdiavgift og vil etter departementet si meining skape klare grenser for fritaket. I forslaget om fritak i meirverdiavgiftslova § 6-19 er derfor omgrepet næringsmiddel brukt. Det betyr til dømes at vaskemiddel, hygieneartiklar, dyrefôr og medisinlar ikkje vil vere omfatta av fritaket, fordi desse varene ikkje vil vere definerte som næringsmiddel.

Departementet har vidare vurdert om fritaket berre skal gjelde næringsmiddel som av ulike årsaker ikkje er eigna til sal. Fritaket vil representera eit unntak frå hovudregelen om at alt forbruk bør bli skattlagd likt. Dette taler for ei snever avgrensing.

Eit alternativ er å knytte vilkår til næringsmidla si haldbarheitstid slik som den er oppgitt i merkinga av varene. På grunn av praktiske utfor-

dringar ved distribusjonen av varene, reknar departementet med at fritaket sitt føremål i så fall ikkje vil bli innfridd. Departementet legg til grunn at det ofte vil kunne ta noko tid frå levering av næringsmidla til dei ender opp hos mottakaren eller den endelege forbrukaren. Fritaket må derfor legge til rette for at næringsmidla kan leverast slik at vidare distribusjon er praktisk mogleg innanfor gitte fristar og i tråd med gjeldande regelverk for mattrryggleik.

Departementet legg òg til grunn at aktuelle leverandørar av næringsmiddel har ei eigeninteresse i å få vederlag for dei varene som er eigna til sal. Departementet reknar med at næringsmidla som blir leverte vederlagsfritt til velgjerande føremål, i all hovudsak vil vere overskotsmatvarer som nærmast seg slutten av haldbarheitstida, eller som av andre årsaker ikkje kan omsetjast på ordinær måte, til dømes på grunn av at emballasjen er skada, vara er merka feil og liknande. Det kan òg vere sesongvarer. Departementet foreslår derfor ikkje å avgrense fritaket etter kvaliteten til næringsmidla eller andre eigenskaper.

Departementet foreslår at alle varer som er å rekne som næringsmiddel etter meirverdiavgiftslova § 5-2, blir omfatta av fritaket.

Det blir vist til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.4 Kravet om vederlagsfri levering

2.5.4.1 Forslag i høyringsnotatet

Departementet foreslo i høyringsnotatet at fritaket skal gjelde for næringsmiddel som blir leverte vederlagsfritt. Det blei vist til at det er avgiftspliktig omsetning når det blir levert ei vare eller ei teneste som heilt eller delvis vederlag for ei vare eller ei teneste (bytte). Departementet la til grunn at leverandørar som tek imot ei yting attende for levering av varer, på ordinær måte må betale meirverdiavgift for sin leveranse i byttheanden.

2.5.4.2 Synet til høyringsinstansane

Matsentralen skriv at den er ein non-profit-organisasjon som ikkje har inntekter direkte knytt til drift, men som får økonomisk støtte frå ei rekke kjelder og tek inn ei symbolsk medlemsavgift frå mottakarorganisasjonar, daglegvarekjelder og næringsmiddelprodusentar. Støtta er eit fast årleg beløp, som ikkje er knytt opp mot mengda mat som blir teke i mot. Matsentralen ønskjer at det vil gå tydeleg fram av forskriften at økonomisk støtte til drift som ikkje er avhengig av volum, ikkje blir

rekna som vederlag i denne samanhengen. Matsentralen ønskjer dessutan å kunne informere om hovudsamarbeidspartnarane sine på nettsidene sine med logo. I tillegg ønskjer Matsentralen å ha ei nøytral og logofri liste over dei bedriftene som leverer varer.

Virke skriv at det som departementet legg til grunn om reklame byggjer på at den aktuelle leveransen har ein salsverdi. Dette vil skape ekstra byråkrati, og kan medverke til å undergrave føremålet om minsking i matsvinn. Virke spør korleis reklameverdien i tilfelle skal rekna ut, så lenge det er forslag om at kravet i bokføringsforskrifta om å oppgi verkeleg verdi og vederlag ikkje gjeld.

Den norske Revisorforening meiner at når leverandørane må vurdere kvar ei form for motyting, som til dømes profilering på mottakaren sine nettsider, avgrensar dette fritaket si rekkevidde monaleg og gjer det byrdefullt å innrette seg etter reglane. Den norske Revisorforening foreslår å sette ei nedre grense slik at det ikkje er nødvendig å vurdere profileringstenester som er av mindre omfang. Logo og informasjon om gåva på mottakaren si nettside bør ikkje diskvalifisere for avgiftsfratak.

Orkla ASA peiker på at det i nokre tilfelle må vurderast konkret om det er eit element av reklame som gjer at den aktuelle leveransen ikkje blir omfatta av fritaket.

Skatt Øst meiner at temaet vil føre til ei konkret bevisvurdering, og at vektlegginga av dei ulike momenta vil kunne vere utfordrande. Det blir sett som føremålstenleg at det blir gitt utdjuande retningsliner til skattekontora om dette.

2.5.4.3 Departementet sitt forslag

D e p a r t e m e n t e t vidarefører forslaget i høyringsnotatet om at fritaket skal gjelde for næringsmiddel som blir leverte vederlagsfritt.

Dersom det ligg føre både levering av varer og eit vederlag, vil transaksjonen bli rekna som omsetning. I meirverdiavgiftslova § 1-3 første ledd bokstav a er omsetning definert som levering av varer og tenester mot vederlag. Dersom ein aktør i matbransjen tek i mot vederlag for sin leveranse av næringsmiddel, vil dette derfor måtte rekna som omsetning og det skal rekna avgift på vanleg måte.

For å bli rekna som omsetning etter meirverdiavgiftslova, blir det ikkje stilt krav om at vederlaget må vere ordinære betalingsmiddel. Det vil derfor òg vere avgiftspliktig omsetning når det blir levert ei vare eller ei teneste som heilt eller delvis vederlag for ei vare eller ei teneste (bytte).

Aktørar som gir bort matvarer, kan i nokre tilfelle få ei motyting av ein viss verdi, til dømes reklame. Det kan mellom anna vere reklame når leverandøren sin logo blir marknadsført eller når informasjon om gåva blir gitt på mottakaren sine internetsider. Departementet legg til grunn at leverandørar som får ei yting attende for levering av varer, må betale meirverdiavgift for sin leveranse i byttehandelen, jf. meirverdiavgiftslova § 4-3. Det vil måtte vurderast for den einskilde mottakaren om til dømes marknadsføring av leverandøren sin logo er ei motyting for levering av matvarer eller for anna økonomisk støtte. Verdien av ein bestemt reklame vil også måtte vurderast konkret. Dette gjeld generelt for byttehandlar der reklametenester og liknande er motytingar, og er ikkje ei særskild problemstilling i denne samanhengen. Departementet legg likevel til grunn at verdien har ei viss betydning for om det kan reknast for å vere ytt ei teneste. Til dømes kan ei logofri liste med namn på leverandørar av næringsmiddel på internetsidene til ein mottakar ha så liten reklameverdi at det ikkje kan reknast som ei tenesteyting, men snarare som informasjon om verksemda til mottakaren.

Det vil dessutan måtte vurderast konkret om næringsmidla fullt ut utgjer vederlag for motytinga (reklame), og dermed er avgiftspliktig omsetning i byttehandel. Departementet understreker at det foreslege fritaket vil gjelde uavhengig av om leverandøren i tillegg til det som blir omfatta av fritaket, også har avgiftspliktig omsetning til mottakaren. Fritaket for meirverdiavgift kan derfor bli brukt på det som er vederlagsfrie utdelingar. Departementet viser til Rt. 2012 s. 744, der Høgsterett kom til at skattytar sine utbetalingar delvis var vederlag for kjøp av marknadsføringstenester og delvis var ei gáve.

Departementet viser til punkt 2.5.5 under for det som gjeld krav til mottakaren si utdeling.

Departementet viser til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.5 Krav til mottakaren

2.5.5.1 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått at fritaket skulle gjelde for matvarer som blei leverte vederlagsfritt til ein mottakar for vidare utdeling på velgjerande grunnlag. Det blei stilt krav om at mottakaren måtte vere registrert i Einingsregisteret.

2.5.5.2 Synet til høyringsinstansane

Brorparten av høyringsinstansane er positive til kravet om at mottakaren skal vere registrert i Einingsregisteret.

Samvirkesenteret er samd i departementet sitt forslag og viser til at dette vil leggje til rette for større fleksibilitet når det gjeld val av organisjons-/føretaksform.

«Et eksempel på at dagens definisjon er for snever er der hvor flere frivillige organisasjoner/institusjoner finner det rasjonelt å etablere et formelt samarbeid om mottak og videre utdeling til sine respektive brukere. Dersom organisasjonene må reise kapital i form av innskudd for å realisere det felles formålet, er foreningsmodellen ikke mulig, og f.eks. samvirkeforetak eller aksjeselskap vil være løsningen. Det allmennytige aspektet ved formålet og samarbeidet kan likevel ivaretas i slike foretaksformer, ved at det stilles krav om at det i vedtekter mv. fremgår at medlemmene ikke tar ut over-skudd/utbytte.»

Nokre instansar foreslo ei ytterlegare innsnevring.

Norsk Folkehjelp, Frivillighet Norge og Skatt Øst meiner at mottakarkretsen bør snevrast inn til organisasjoner som er registrerte i Frivilligregisteret. Frivillighet Norge viser mellom anna til at ei slik løysing vil gjere lovverket meir føreseieleg og gi ei enklare, raskare og betre samhandling mellom det offentlege og frivilligheita. Skatt Øst viser til at registrering i Einingsregisteret er gratis og at den ikkje vil ha ein reell avgrensingseffekt utover mot private. Norsk Folkehjelp meiner at mottakar må vere registrert i Frivilligregisteret kategori 4 Sosiale Tenester for å sikre at innsamlinga dekker reelle humanitære behov og hindre misbruk av ordninga.

Kvekersamfunnet foreslår at berre velgjerande og allmennytige institusjoner og organisasjoner kan vere mottakarledd.

Når det gjeld kravet til utdeling, opplyser *Frivillighet Norge* at fleire organisasjoner har aktivitetar som ikkje er direkte utdeling av næringsmiddel, men kor til dømes sal av mat som dei har fått gratis, genererer inntekter som blir brukte til ideelle føremål. Frivillighet Norge legg til grunn at slike aktivitetar blir omfatta av unntaket så framt dei ikkje inneber marknadsføring av givar eller genererer profitt til mottakar. Det blir vist til følgjande sitat frå Ot.prp. nr 59 (2006–2007) punkt 5.5.4:

«Departementet legger til grunn at ytting av grantjenester til veldedige og almennyttige institusjoner og organisasjoner som hovedregel vil måtte anses ytt på veldedig grunnlag.»

Skatt Øst meiner at ein bør krevje at næringsmidla ikkje blir selde vidare og at dette bør bli bekrefta av mottakaren.

2.5.5.3 Departementet sitt forslag

D e p a r t e m e n t e t vidarefører forslaget i høyingsnotatet om at mottakar skal vere registrert i Einingsregisteret. Etter departementet sitt syn er det på den eine sida viktig at krava til mottakarleddet ikkje blir så strenge at det motverkar føremålet med fritaket. På den andre sida kan omsynet til kontroll med at fritaket ikkje blir misbrukt, vere ein grunn til at dette bør regulerast nærare.

Dersom det blir gitt fritak for utdelingar til kven som helst, er det ein fare for at utdelingar blir brukte til å skjule (svart) omsetning og uttak til privat bruk. Omsynet til kontroll gjer at fritaket bør ha som vilkår at varene blir gitt til ein mottakar som det er enkelt å identifisera og finne att. Dette vil vere mottakarar som er registrerte i eller går fram av offentlege register. Utan nærare kjennskap til mottakaren vil det vere vanskeleg for avgiftsstyresmaktene å kontrollere at varene faktisk er delte ut vederlagsfritt og ikkje brukt privat eller selt.

Departementet går ut frå at leveransar av større volum av næringsmiddel som regel skjer til eit mellomledd for vidare utdeling til den endelige forbrukaren. Det vil derfor ikkje i særleg grad påverke intensjonen med forslaget dersom fritaket blir avgrensa mot utdelingar direkte til den endelige forbrukaren.

Departementet reknar dessutan med at om næringsmiddel blir leverte vederlagsfritt direkte til forbrukar, så vil dette i stor grad vere omfatta av fritaket i meirverdiavgiftslova § 3-23 bokstav d som gjeld gåver av bagatellmessig verdi, sjå omtalen i punkt 2.2.4 over. Bagatellmessig verdi er 100 kroner eller mindre, jf. meirverdiavgiftsforskrifta § 1-3-6.

Departementet foreslår derfor at for å få fritak for meirverdiavgift ved levering av næringsmiddel ut over ein bagatellmessig verdi, må avgiftssubjektet bruke eit mellomledd mellom seg og den endelige forbrukaren. Til dømes vil fritaket dermed ikkje gjelde dersom avgiftssubjektet deler ut varer direkte til forbrukarar på gata eller i heimen deira. Det vil heller ikkje gjelde dersom varene til dømes blir delte ut for konsum til tilsette eller frivillige i

ein hjelpeorganisasjon. Dersom mottakaren er ein institusjon, vil likevel kravet til vidare fordeling vere oppfylt når næringsmidla blir leverte til beburane.

Mottakaren kan levere varene direkte til forbrukarar, men kan òg levere varene til ein annan mottakar for vidare distribusjon til forbrukarar.

Departementet har vidare vurdert om det er føremålstenleg å avgrense mottakarkretsen til velgjerande og allmennyttige institusjonar og organisasjonar. Omgrepet er allereie brukt i meirverdiavgiftslova, men departementet sitt syn er at dette vil gi for snever avgrensing av fritaket. Etter departementet sitt syn vil det same gjelde krav om at mottakar skal vere registrert i Frivilligregisteret.

I Einingsregisteret finst næringsdrivande som er registrerte for meirverdiavgiftspliktig verksemnd, som har registrerte tilsette eller er registrerte i Føretaksregisteret. Mange næringsdrivande enkeltpersonforetak, foreiningar og andre økonomiske einingar utan registreringsplikt, vel òg registrering i Einingsregisteret på frivillig grunnlag. Einingsregisteret er regulert ved lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret. Ved registrering får føretaket/eininga eit organisasjonsnummer. Opplysningane som finst i Einingsregisteret, er mellom anna organisasjonen sitt føretaksnamn, adresse, føremål, organisasjonsform, daglig leiar/innehavar eller tilsvarande kontaktperson og eventuelt opplysningar om styremedlemmar osv.

Skatteetaten vil på denne måten lett kunne finne fram til dei enkelte mottakarane for å verifisere at levering har funne stad. Kombinert med krava til dokumentasjon som er foreslått, sjå punkt 2.5.7 under, vil Skatteetaten kunne kontrollere at dei nærare vilkåra for fritaket er oppfylte. Ein næringsdrivande som leverer næringsmiddel til ein mottakar som ikkje er registrert i Einingsregisteret, vil altså måtte rekne meirverdiavgift på uttaket.

Etter ei totalvurdering foreslår departementet at mottakaren av næringsmiddel skal vere registrert i Einingsregisteret. Praktiseringa kan likevel vise at det er nødvendig å avgrense krava til mottakaren ytterlegare. Departementet vil derfor foreslå ein heimel for å gi nærare føresegner om dette i forskrift.

Departementet har lagt til grunn for fritaket at det skal skje ei utdeling frå mottakarleddet på velgjerande grunnlag. Kravet til velgjerd blir handsame i punkt 2.5.6 Når det gjeld utdelinga, er det ein føresetnad for fritaket at denne er vederlagsfri, det vil seie utan motytingar av noko slag, jf. punkt 2.5.4. over. Det er dermed ikkje slik at mottakar

kan selje mat som han har fått gratis. Departementet vil kome attende til vurdering av dokumentasjonskrav under punkt 2.5.7.

Det vil måtte vurderast konkret om til dømes ei årleg medlemsavgift som blir betalt til mottakar vil føre til at føresetnaden om vederlagsfri utdeling ikkje er oppfylt. Tilhøve som at det er ei avgift som er lik for alle og som ikkje er avhengig av volum av leverte varer, vil tyde på at ei medlemsavgift ikkje kan reknast som vederlag for varene. I så tilfelle vil ikkje ei slik avgift vere til hinder for at leveringa blir omfatta av fritaket.

Det blir vist til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.6 Krav til velgjerd

2.5.6.1 Forslag i høyingsnotatet

Departementet foreslo at fritaket skal gjelde for utdelingar på velgjerande grunnlag.

2.5.6.2 Synet til høyingsinstansane

NHO viser til at det kan oppstå problem rundt kva som kan bli rekna som velgjerande grunnlag, til dømes ved utdeling til skular eller barnehagar, men reknar med at dette vil bli nærmere fastlagt i forskrift.

Orkla ASA skriv at grensa for velgjerande grunnlag kan diskuterast og at denne ikkje er klart avgrensa i høyingsnotatet.

Sentralskattekontoret for storbedrifter (SFS) skriv at det bør bli gitt retningslinjer for kva som blir kravd for at eit føremål skal bli rekna som velgjerande.

Den norske Revisorforening uttalar:

«Når formålet med utdelingen må være veldighet, kommer fritaket ikke til anvendelse når utdelingen skjer til andre allmennyttige formål.

Også organisasjoner og foreninger som ivaretar allmennheten vil kunne nyttiggjøre seg matvarer som ellers ville blitt kastet. Ved utarbeidelse av forskriftsbestemmelse bør det derfor vurderes om det er nødvendig å definere veldig grunnlag til «stor personlig og velferdsmessig betydning for den enkelte.»

Norsk Folkehjelp, Frivillighet Norge og Kvekersamfunnet foreslår som nemnt at mottakar må vere registrert i Frivilligregisteret eller vere ein velgjerande og allmennyttig organisasjon. Desse instansane meiner at vilkåret om velgjerd då kan

fjernast fordi det vil vere overflødig. Norsk Folkehjelp peiker på at omgrepene er sterkt skjønnsprega og vil krevje mykje tolking, samt at det medverkar til å stigmatisere forbrukaren og derfor strid mot verdigrunnlaget i organisasjonen, med fleire, som er opptatt av likeverd.

2.5.6.3 Departementet sitt forslag

D e p a r t e m e n t e t ser det som nødvendig at fritaket blir avgrensa til velgjerande grunnlag for at det ikkje skal få eit for vidt bruksområde. Uttaksreglane vil medverke til å sikre at forbruk blir belasta med meirverdiavgift. Det er viktig med avgrensingar av fritaket for å unngå at meirverdiavgiftsgrunnlaget blir uthula. Departementet held derfor fast på forslaget i høyingsnotatet om ei avgrensing av fritaket med grunnlag i velgjerd.

Meirverdiavgiftslova § 6-19 første ledd gir fri tak frå plikta til å rekne meirverdiavgift ved uttak av tenester som blir ytt vederlagsfritt på velgjerande grunnlag. I lovforarbeida til denne føresgna, punkt 5.5.4 i Ot.prp. nr. 59 (2006–2007), blei det mellom anna uttalt følgjande om dette omgrepet:

«Departementet er videre enig med arbeidsgruppen i at tjenester som ytes gratis til privatpersoner som venner og bekjente i utgangspunktet ikke vil kunne anses å være ytt på veldig grunnlag. For at fritaket skal komme til anvendelse på tjenester ytt overfor private, må det foreligge særlig kvalifiserte forhold hvor mottaket av tjenesten vil ha stor personlig og velferdsmessig betydning for den enkelte.»

Vilkåret som er foreslått, inneber at det må reknast ut og betalast meirverdiavgift på uttaket dersom næringsmiddel blir leverte vederlagsfritt til venner og kjende eller i andre samanhengar der føremålet ikkje kan reknast som velgjerd. På same vis vil til dømes naturallønning falle utanfor fritaket. Andre utdelingar som er tufta på økonomi og forteneste, vil heller ikkje vere omfatta av fritaket.

Departementet foreslår at det blir gitt ein heimel til å gi føresgner i forskrift om kva som kan reknast som velgjerande utdelingar. Etter departementet sitt syn bør dette byggje på praktiske erfaringar, og departementet vil kome attende til spørsmålet om det viser seg at det er behov for nærmare presisering.

Det blir vist til forslag til endringar i § 6-19 andre ledd i meirverdiavgiftslova.

2.5.7 Dokumentasjon

I høyringsnotatet blei det foreslått at avgiftssubjektet må skaffe ei stadfesting frå legitimert representant hos mottakar om at varene er tekne imot for utdeling på velgjerande grunnlag. Dette kravet skulle gå fram av bokføringsforskrifta og komme i tillegg til opplysningar som blir kravde med heimel i bokføringsforskrifta § 5-7. Departementet foreslo samstundes at krava om å oppgi vederlag, betalingsforfall og verkeleg verdi ikkje skal gjelde i desse høva.

Høyringsinstansane har enkelte merknader til forslaget. D e p a r t e m e n t e t vil vurdere desse merknadene i samband med arbeidet med å vedta forskriftsendringane.

2.6 Økonomiske og administrative følgjer

Forslaget inneber at avgiftssubjekta ikkje skal rekne ut og betale inn meirverdiavgift ved vederlagsfrei levering av næringsmiddel når vilkåra for fritak er oppfylte. Meirverdiavgifta vil dermed ikkje verke som ei tilskunding til å destruere

næringsmiddel som i staden kan bli gitt bort. Det vil bli foreslått krav til dokumentasjon i forskrift, og departementet vil vurdere merknader frå instansane om administrative følgjer i samband med dette. Departementet kan elles ikkje sjå at fritaket vil føre med seg nokon vesentleg auke i administrative byrder for avgiftssubjekta.

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje vil få nemneverdige økonomiske eller administrative følgjer for avgiftsstyresmaktene, men vil likevel gjere merksam på at arbeidet med kontroll kan bli noko meir utfordrande. Det blir vist til Skattedirektoratet sin uttale i høyringa. I denne uttala går det fram at kontroll av fritaket kan vere tidkrevjande fordi det inneheld skjønnsprega kriterier.

Departementet legg til grunn at fritaket frå plikta til å betale meirverdiavgift ved uttak vil ha avgrensa provenyverknader gitt dei vilkåra og avgrensingane forslaget inneheld.

2.7 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane i meirverdiavgiftslova tek til å gjelde 1. juli 2016.

3 Omtale av trafikkforsikringsavgifta

Regjeringa har tidlegare varsla at Finansdepartementet har sett i gang eit arbeid med siktet på å erstatte årsavgifta med ei avgift som blir pålagt forsikringsselskapa ved sal av obligatoriske ansvarsforsikringar på køyretøy.

Omlegginga vil ha fleire fordelar, mellom anna større fleksibilitet for bileigarane, til dømes ved kjøp av ny bil, eigarskifte, avregistrering og liknande, og ved at bileigaren blir belasta for avgifta berre for den tida køyretøyet er forsikra. Samstundes vil endringa gi meir effektiv ressursbruk. Den nye avgifta vil ha same struktur og nivå som dagens årsavgift, og den økonomiske belastninga på bileigarane vil bli om lag som i dag.

Departementet hadde saka på høyring våren 2015. Dei fleste høyringsinstansane stelte seg positive til forslaget. I høyringsforslaget blei det lagt opp til at den nye ordninga skulle fasast inn frå 1. januar 2016, og at 2017 skulle bli det første år der det ikkje vært kravd opp årsavgift. Omlegginga har seinare blitt utsett med eit år. Grunnen til dette er at forsikringsselskapa treng meir tid til å gjere tilpassingar i sine IT-system.

I høyringa blei høyringsinstansane bedne om å kommentere om det vil vere føremålstenleg å etablere ei særskilt ordning for innkrevjing av trafikkforsikringspremie og trafikkforsikringsavgift for påregistrerte køyretøy utan forsikring (TFF-ordning). Omlegginga til trafikkforsikringsavgift er ikkje avhengig av ei TFF-ordning, men vil gi auka inntekter frå avgifta, og vil truleg redusere talet på uforsikra køyretøy på vegane, noko som i seg sjølv er ein klar fordel. Høyringsinstansane var svært positive til eit slikt tiltak.

Omlegginga blei omtala i Revidert nasjonalbudsjett for 2015 og budsjettet for 2016. I si innstilling til budsjettet for 2016 (Innst. 5 S (2015–2016)) utealte stortingsfleirtalet følgjande om omlegginga:

«Flertallet viser til at regjeringen har satt i gang et arbeid med siktet på å erstatte årsavgiften med en forsikringsavgift med virkning fra 2018. Flertallet støtter intensjonen i arbeidet og ber regjeringen om å arbeide videre med et forslag som kan legges fram for Stortinget i budsjett dokumentene for 2017, med siktet på å igangsette omleggingen i 2017. Flertallet legger til grunn at arbeidet skjer i tett dialog med forsikringsbransjen, og at den økonomiske belastningen på bileierne ved en ny ordning vil være omtrent som i dag.»

Departementet har i tida etter høyringa arbeidt vidare med omlegginga. Arbeidet har skjedd i samråd med bransjen. Det er ikkje avdekkta behov for gjennomgripande endringar i forslaget som var på høyring, men det vil skje justeringar på nokre punktar. Dette gjeld mellom anna tidspunktet for avgiftsberekninga, og systemet for periodisering og rapportering av avgifta.

Departementet har også starta arbeidet med å vurdere moglegheitene for etablere ei særskilt ordning for innkrevjing av trafikkforsikringspremie og trafikkforsikringsavgift for påregistrerte køyretøy utan forsikring.

Departementet vil komme tilbake til saka i budsjettet for 2017.

4 Overgangsordning for vegbruksavgift på naturgass

Stortinget vedtok i budsjettet for 2016 at vegbruksavgifta òg skal gielde på naturgass frå 1. januar 2016, og LPG frå 1. juli 2016. Nettoprovenyet av endringane blei for 2016 berekna til 20 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført. I anslaget blei det teke omsyn til kompensasjonar til fylkeskommunane på 90 mill. kroner, som følgje av inngåtte avtalar om offentlege kjøp av persontransporttenester. I budsjettet for 2016 vedtok Stortinget òg følgjande oppmodingsvedtak:

«I forbindelse med at det blir innført veibruksavgift på naturgass fra 01.01.2016 ber Stortinget regjeringen fremme forslag om en overgangsordning med unntak for veibruksavgift på naturgass brukt som supplement. Overgangsordningen foreslås innført i samband med RNB 2016, om mulig med tilbakevirkende kraft til 01.01.2016. Andelen naturgass som supplement settes til 30 pst. og fases gradvis ut, ned til 0 pst. frem mot 2025. Dette forutsetter et massebalanseprinsipp, slik det er for drivstoff for øvrig, hvor veibruksavgiften innberettes og innbetales per måned, men at det gjøres en etterberegning på hele året av faktisk levert andel biogass og naturgass. Det tas forbehold om EØS-rettslige problemstillingar.»

Leverandørane av biogass har ved fleire høve bede om ei ordning med avgiftsfritak for naturgass som blir nytta som «*supplement*». Dei har påpeikt at leveransane av biogass er usikre, og at enkelte leverandørar derfor ikkje alltid vil kunne levebi gass som avtalt. I følgje bransjen må ein i slike høve erstatte biogassen med naturgass. Dersom denne naturgassen blir pålagt vegbruksavgift, vil kostnadane for kundane auke. Det er hevda at dette vil undergrave marknaden for biogass. Det er lagt til grunn at Stortingets med oppmodingsvedtaket ønsker å sikre marknaden for biogass. I oppmodingsvedtaket har Stortinget lagt opp til at det ikkje skal svarast avgift for naturgass som utgjer inntil 30 pst. av dei samla leveransane av gass (biogass og naturgass). Prosenten skal trappes ned til 0 pst. fram mot 2025. Det er lagt til grunn at nedtrappinga er grunngitt med

at marknaden for biodrivstoff er venta å bli meir stabil i tida framover. Overgangsordninga skal om mogleg gielde frå 1. januar 2016.

I oppmodingsvedtaket ber Stortinget om ei ordning der ein rapporterer inn vegbruksavgifta månadleg, med årleg avrekning av avgift berekna etter fordelinga av biogass og naturgass. I oppmodingsvedtaket omtales dette som eit «*massebalanseprinsipp*». På bakgrunn av tidlegare innspel frå bransjen, er det lagt til grunn at det her blir sikta til ordninga for vegbruksavgift på bioetanol og biodiesel som er omfatta av omsetjingskravet etter produktforskrifta. For slikt drivstoff skal dei avgiftspliktige innrapportere vegbruksavgifta kvar månad, og så korrigere avgifta når året er omme for den del av totalomsetjinga som overstig kravet om årleg omsetjing biodrivstoff.

Departementet har bede Skattedirektoratet greie ut korleis oppmodingsvedtaket kan gjenomførast, samt vurdere dei EØS-rettslege sidene av tiltaket, slik Stortinget har teke etterhald om i oppmodingsvedtaket.

Direktoratet påpeikar at avgiftsplikta etter vegbruksavgifta på drivstoff er lagt på produsent/importørleddet, slik døme òg er for dei andre særavgiftene på varer. Dei aktuelle biogassaktørane importerer eller produserer sjølv ikkje gass, og er derfor heller ikkje avgiftspliktige. Dette betyr mellom anna at eit fritak for supplementgass ikkje kan utformast på same måte som for vegbruksavgifta på bioetanol og biodiesel omfatta av omsetjingskravet etter produktforskrifta.

Direktoratet anbefaler at fritaket i staden blir gjennomført som ei refusjonsordning. Biogassleverandørane må da kjøpe naturgass med avgift frå avgiftspliktig leverandør, og må seinare søkje om å få avgifta attende. Refusjon er tinga av at biogassleverandøren kan legge fram erklæring frå produsent om at biogass ikkje er tilgjengeleg. Søkjaren må òg dokumentere plikt til å levere biogass til kunde. Ein legg opp til årleg avrekning og etterskotsvis refusjon når året er omme. Første oppgjer vil i å fall skje i 2017, og gjelde for avgiftsåret 2016. Direktoratet påpeikar at ordninga opnar for omgåingar, og at det ikkje vil vere

mogeleg å føre kontroll med ordninga på ein tilfredsstillande måte.

Departementet slutter seg til direktratets vurdering og foreslår at fritaket blir gjenomført som ei refusjonsordning, kor naturgass som utgjer inntil 30 pst. av dei samla leveransane av gass (biogass og naturgass) vært frittatt for avgift. Prosenten skal trappes ned til 0 pst. fram mot 2025. Overgangsordninga blir gjennomført lovteknisk ved at Stortinget vedtek eit fritak i avgiftsvedtaket. Nærare føresegner om fritaket vil bli gitt i særavgiftsforskrifta.

I si utgreiing legg Skattedirektoratet til grunn at eit avgiftsfratak for naturgass i høve der biogass ikkje er tilgjengeleg, inneber stasstøtte etter EØS-avtalen artikkel 61 (1). Etter EØS-retten vil dette vere ny støtte som ikkje kan setjast i verkt før EFTAs overvakingsorgan (ESA) har godkjend ordninga. Brot på forbodet mot iverksetjing inneber plikt til å krevje mottatt støtte attende med renter. Direktoratet anbefaler at ordninga blir notifisert, og at ein set i verk ordninga når ESA godkjenn tiltaket. Nærings- og fiskeridepartementet, som òg har gjort ein førebels vurdering av EØS-spørsmålet, støtter dette. Departementet er samd i desse vurderingane.

Etter EØS-avtalen artikkel 61(1) er det i utgangspunktet ikkje lov å gi offentleg støtte til næringslivet. Det er likevel enkelte unntak frå hovudregelen. Felles for unntaka er at ESA kan godkjenne støtte dersom dei positive effektane av støtta er større enn dei negative effektane støtte-tiltaka har på konkurransen i marknaden. Støtte kan enten notifiserast og bli godkjend etter EØS-avtalen artikkel 61 (3) c eller etter ESAs retningslinjer for støtte til energi og miljø (EEAG). Godkjenning etter EEAG tingar ei vurdering av føremålet bak tiltaket som må vere veldefinert og ha ei felles europeisk interesse, sett opp mot føremålet bak avgifta. Det må vidare vere eit behov for statleg tiltak (typisk ved ein svikt i marknaden som ikkje kan løysast på anna vis). Tiltaket må vere egnar, ha ein faktisk verknad, og støttenivået må ikkje gå over det som er nødvendig.

Nærings- og fiskeridepartementet har i sin tilbakemelding påpeikt fleire forhold som må avklarast før dei kan gi ei endeleg vurdering av om eit fritak for supplementsgass kan sjåast som lovleg støtte etter EØS-avtalen. Nærings- og handelsdepartementet har mellom anna påpeikt at det er usikkert om det faktisk er ein svikt i marknaden som tilseier statleg involvering i saka, og om tiltaket vil vere egna til å oppnå føremålet bak ordninga. Nærings- og handelsdepartementet anbefaler at disse forholda avklaras, og at det så blir teken pre-notifikasjonskontakt med ESA med sikte på påfølgjande formell notifikasjon. Denne prosessen vil ta noe tid og det er usikkert når ein mogeleg godkjenning vil vere klar. Ein kan ikkje rekne med at dette vil skje i 2016.

Etter Finansdepartements vurdering må ein ta høgde for at ordninga ikkje blir godkjend. Om ordninga blir godkjend, er det heller ikkje sikkerheit for at ESA vil tillate at ordninga får verknad tilbake i tid. I så fall vil overgangsordninga først kunne gjerast gjeldande frå den tid godkjenning blir gitt. Usikkerheita knyta til godkjenninga av ordninga inneber stor økonomisk utryggleik for bransjen.

Finansdepartementet vil saman med Skattedirektoratet og Nærings- og fiskeridepartementet arbeide med å notifisere fritaket til ESA. Som påpeika må det pårekna å ta noe tid før ein mogeleg godkjenning er klar. Departementet foreslår derfor at overgangsordninga blir set i verk frå den tid departementet bestemmer.

Det blir lagt opp til årleg avrekning og etter-skotsvis refusjon når året er omme. Første oppgjer vil i å fall skje i 2017, og gjelde for avgiftsåret 2016. Overgangsordninga vil derfor ikkje ha bokført provenyverknad for 2016. Dersom om lag 30 pst. av omsett naturgass vil vere omfatta av ordninga, kan overgangsordninga gi eit årleg provenytap på om lag 30 mill. kroner. Departementet vil kome tilbake til dei budsjettmessige konsekvensane i statsbudsjettet for 2017.

5 Utsett iverksetjing av flypassasjeravgifta

I samband med budsjettet for 2016 vedtok Stortinget å innføre ei flypassasjeravgift. Stortinget la til grunn at avgifta skulle tre i kraft 1. april 2016, men gav departementet fullmakt til å vedta iverksetjinga.

Etter Stortinget sitt avgiftsvedtak er transitt- og transferpassasjerar fritekne for avgift. I brev 9. mars gir EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) uttrykk for at fritaket kan vere statsstøtte. ESA inviterer derfor norske styresmakter til å pre-notifisere ordninga. Departementet meiner at fritaket ikkje er statsstøtte og at det derfor ikkje er notifikasjonspliktig. Sidan ESA har gitt uttrykk for at dei vil handsame saka raskt, har departementet likevel gitt ESA ei nærmare utgreiing slik at ESA har grunnlag for å vurdere fritaket etter statsstøtteregelverket i EØS-avtalen. Departementet har derfor vedteke å utsetje avgifta til 1. juni 2016.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2016 la Stortinget til grunn at avgifta ville gi eit bokført proveny på om lag 1 mrd. kroner i 2016 dersom avgifta blei innført 1. april. Det blei då teke omsyn til kompensasjonar som blir gitt i samsvar med avtalar om statlig kjøp av innanlandske flyruter, jf. Innst. 3 S (2015–2016).

Ei utsetjing av avgifta til 1. juni kan gi eit provenytap i 2016 på om lag 250 mill. kroner bokført og påløpt i forhold til saldert budsjett 2016. Regjeringa foreslår at ein reduserer inntektsløyvinga i statsbudsjettet for 2016 under kap. 5561, post 70 Flypassasjeravgift med 260 mill. kroner. Utgifter under kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innenlandske flyruter vil bli redusert med 10 mill. kroner som følgje av utsetjinga. Departementet viser til forslag til vedtak i Prop. 122 S (2015–2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2016.

6 Tollfridom for informasjonsteknologivarer

Informasjonsteknologiavtalen (ITA) er ei plurilateral avtale i WTO, inngått i 1996, jf. St.prp. nr. 62 (1996–97). ITA forpliktar partane til å avvikle toll på IT-varer. Ei plurilateral avtale skil seg frå ei multilateral avtale ved at ikkje alle WTO sine medlemmer er partar i avtalen. 82 av dei 164 medlemmene i WTO er part i ITA.

Den teknologiske utviklinga sidan 1996 har skapt eit behov for å oppdatere vareomfanget til avtalen. I 2012 innleidde om lag 50 av partane i den opphavlege avtalen forhandlingar om å modernisere og utvide vareomfanget. Forhandlingane blei ferdigstilte under ministerkonferansen til WTO i Nairobi i desember 2015, der 53 WTO-medlemmer blei samde om ei fråsegn. I ettertid har fleire av dei andre medlemmene i WTO signalisert at dei ønskjer å slutte seg til fråsegna.

Partane i ITA har forplikta seg til å setje i verk tollnedsetjingar på det utvida vareomfanget så snart det er gjennomført nasjonale prosedyrar. Revisjonen gjer at 201 typar IT-varer vil få tollfrei-

dom, og vil gjelde varer innanfor eit breitt spekter av den norske tolltariffen. Den nasjonale gjennomføringa blir gjord ved å endre norske bindingslister.

Utvindinga av avtalen omfattar varer som alleie er tollfrie ved import til Noreg. Derfor vil ikkje gjennomføringa av forpliktingane i fråsegna få noko å seie for tollbelastninga for dei nemnde varene ved import til Noreg, og vil heller ikkje ha provenyverknader. For å oppfylle forpliktingane i tråd med fråsegna har Utanriksdepartementet innleidd prosedyren for å endre norske bindingslister. Dette er gjort med etterhald om samtykke frå Stortinget. Etter å ha innhenta samtykke frå Stortinget vil Utanriksdepartementet gi dei andre partane og WTO-sekretariatet melding om at dei nemnde varene blir bundne som tollfrie frå 1. juli 2016.

Departementet viser til forslag til ny regel i § 6 i tollvedtaket for budsjettåret 2016.

7 Skattlegging av lån frå selskap til deltarar

7.1 Skattlegging av lån frå deltararlikna selskap til personleg deltarar

Med verknad frå 7. oktober 2015 blir lån frå aksjeselskap til personleg aksjonær skattlagt som utbytte. Bakgrunnen for dette er omtalt i Prop. 1 LS Skatter, avgifter og toll 2016 kapittel 5.1.

Reglane gjeld ikkje lån frå ansvarlig selskap, kommandittselskap eller anna deltararlikna selskap til personleg deltarar i selskapet. Lån frå deltararlikna selskap til personleg deltarar er antakeleg lite utbredt i praksis, men kan ikkje utelukkast. Omsynet til lik handsaming av ulike selskap talar for at slike lån blir skattlagt tilsvarende som utbytte (dvs. som skattepliktig utdeling frå selskapet). Det same gjer omsynet til å unngå at reglane om skattlegging av utbytte blir omgått.

På denne bakgrunn foreslår departementet at reglane om skattlegging av lån frå aksjeselskap til personleg aksjonær i skattelova § 10-11 fjerde til sjette ledd skal gjelde tilsvarende for lån frå deltararlikna selskap til personleg deltarar i slike selskap.

Det kan tenkjast tilfelle der ein personleg deltarar i eit ansvarlig selskap får lån frå eit selskap det ansvarlege selskapet eig aksjar i. Tilfelle der ansvarlige selskap eig aksjar eller andelar i andre selskap, er ikkje omfatta av konserndefinisjonen i aksjelova eller allmennaksjelova. Slike tilfelle vil derfor ikkje bli omfatta av skattelova § 10-11 fjerde ledd slik denne regelen er utforma i dag. Departementet foreslår derfor at dette ledet blir endra slik at reglane omfattar lån til personlege skattytarar frå selskap dei direkte eller indirekte eig aksjar eller andelar i. Det inneber at reglane òg gjeld i tilfelle der ein personleg låntakar indirekte gjennom eit deltararlikna selskap, eig aksjar eller andelar i selskapet som gir lån.

Departementet antar at endringane ikkje får nemneverdige provenymessige konsekvensar.

Departementet viser til forslag til endring i skattelova §§ 10-11 fjerde ledd og 10-42 elleve og tolvte ledd.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med 11. mai

2016. Det vil seie at endringane gjeld for lån som blir tekne opp frå dette tidspunktet. Departementet legg til grunn at endringa òg gjeld for auking av saldo på lån som var teke opp før endringa.

7.2 Skattlegging av aksjonærlån – justering i ordlyden

Med verknad frå 7. oktober 2015 blei det innført reglar om skattlegging av aksjonærlån. Det føljer av skattelova § 10-11 fjerde ledd første punktum at:

«[k]reditt eller sikkerhetsstillelse som ytes direkte eller indirekte fra selskap som omfattes av § 10-1, samt tilsvarende utenlandsk selskap, til personlig aksjonær skal regnes som utbytte for aksjonæren».

I andre og tredje punktum er det reglar om lån gitt frå andre selskap i same konsern og lån gitt til aksjonærens nærståande. I fjerde punktum går det fram at departementet ved forskrift kan bestemme at enkelte typar kreditt ikkje skal reknast som utbytte.

Etter ordlyden omfattar desse punktuma berre «*kreditt*», mens første punktum omfattar «*kreditt eller sikkerhetsstillelse*». Etter departementet sitt syn bør reglane i andre til fjerde punktum òg gjelde både «*kreditt og sikkerhetsstillelse*». Departementet foreslår derfor at ordlyden i andre til fjerde ledd blir endra slik at dei reglane omfattar «*kreditt eller sikkerhetsstillelse*».

I femte ledd er «*aksjonæren*» i første del av setninga stava feil. For å rette på dette foreslår departementet å stryke «*for aksjonære*» i første del av setninga. Dette forenklar ordlyden noe.

Departementet antar at endringane ikkje får nemneverdige provenymessige konsekvensar.

Departementet viser til forslag til endringar i skattelova § 10-11 fjerde ledd og § 10-11 femte ledd.

Departementet foreslår at endringane trer i kraft straks med verknad frå og med 11. mai 2016.

8 Tilpasse skatteavgrensingsregelen til trinnskatten

8.1 Innleiing og samandrag

Med verknad frå 2016 er toppskatten erstatta med ein ny trinnskatt. Dette vil gi auka skatt for ei lita gruppe personar som framleis blir skattlagd etter skatteavgrensingsregelen. Årsaka er at skatteavgrensinga ikkje gjeld for trinnskatt, men berre gjeld for skatt på alminneleg inntekt og trygdeavgift. Den tidlegare toppskatten gav heller ikkje skatteavgrensing. Dei fleste som har blitt skattlagd etter denne regelen, har heller ikkje hatt høg nok personinntekt til at dei har betalt toppskatt. Men trinnskatten slår inn på eit lågare inntektsnivå enn det toppskatten gjorde. Dersom reglane ikkje blir endra, vil dei som blir skattlagde etter skatteavgrensingsregelen betale trinnskatt i tillegg til 55 pst. skatt på nettoinntekt over ei skattefri grense. Regjeringa ynskjer å unngå innstramminga for denne gruppa og foreslår at skatteavgrensinga òg skal gjelde for trinn 1 og 2 i trinnskatten. Dette samsvarar med reglane som gjaldt fram til 2016. Endringa skal etter forslaget gjelde straks, med verknad frå og med inntektsåret 2016. Forslaget fører til endringar i skattelova § 17-1 andre ledd.

Departementet anslår at forslaget vil redusere provenyet med om lag 14 mill. kroner påløpt og 7 mill. kroner bokført i 2016.

8.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Skatteavgrensingsregelen i skattelova § 17-1 blei innført for at minstepensjonistar utan andre inntekter ikkje skal betale skatt av pensjonen. Dei seinare åra har skatteavgrensingsregelen blitt oppheva for store grupper og erstatta av andre reglar som skal gi om lag same minstenivå på ytingane etter skatt. No er det berre att to grupper som får skatteavgrensing; attlevande ektefellar som får overgangsstønad/pensjon og personar med overgangsstønad eller pensjon som tidlegare familiepleiar etter folketrygdlova. Skatteavgrensing kan òg gjevast etter skjønn dersom eit hushald ikkje har eit nødvendig utkome, jf. skattelova § 17-2. Om lag 11 000 personar blir skattlagde etter skat-

teavgrensingsregelen med dei vedtekne reglane for 2016.

Dei som blir skattlagd etter skatteavgrensingsregelen, betaler ikkje trygdeavgift eller skatt på alminneleg inntekt etter vanlege reglar, men betaler 55 pst. skatt av nettoinntekt over ei skattefri grense. Fordelen ved denne regelen blir på denne måten trappa ned til det lører seg å bli skattlagd etter ordinære reglar. Skatteavgrensinga gjeld ikkje for trinnskatt og formuesskatt. Den tidlegare toppskatten gav heller ikkje skatteavgrensing. Dei fleste som har blitt skattlagd etter denne regelen, har ikkje hatt høg nok personinntekt til at dei har betalt toppskatt, men dei vil betale trinnskatt der som reglane ikkje blir endra.

8.3 Vurderingar og forslag

Innstramminga for dei som blir skattlagd etter skatteavgrensingsregelen, er ein utilsikta verknad av endringane i dei generelle skattereglane. Regjeringa meiner dette bør forhindrast og foreslår å la trinn 1 og 2 i trinnskatten inngå ved berekning av skatteavgrensinga. Denne løysinga ligg næraast reglane som gjaldt før 2016. Trinn 3 og 4 samsvarar med den tidlegare toppskatten. Skattelova § 17-1 andre ledd blir endra ved at ein tek inn trinnskatt etter dei to lågaste prosentsatsane i bokstav d. Gjeldande bokstav d blir ny bokstav e.

Departementet viser forslag til endringar i skattelova § 17-1 andre ledd.

8.4 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet anslår at forslaget vil redusere provenyet med om lag 14 mill. kroner påløpt i 2016. Det bokførte provenytapet vil vere avhengig av i kor stor grad dei som blir omfatta vil ta initiativ overfor Skatteetaten til å få justert skattetrekka sine. Departementet legg skjønnsmessig til grunn at det bokførte provenytapet i 2016 blir 7 mill. kroner. Dei som blir omfatta av endringane, får i gjen-

nomsnitt ei skattelette på om lag 1 100 kroner samanlikna med vedtekne reglar for 2016.

8.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2016.

9 Presiseringar i skattereglane for verdipapirfond

Med verknad frå inntektsåret 2016 er det gitt nye skattereglare for verdipapirfond. Mens dei gamle reglane behandla alle verdipapirfond med ein eller fleire aksjar som aksjefond som fylgde prinsippa for aksjeskattlegging, tek dei nye reglane meir omsyn til samansettinga av aksjar og andre typar verdipapir i fondet. Dei nye reglane gir ein meir konsekvent og prinsipielt riktig skattlegging, og investeringar gjennom fond blir meir likestilt med direkteinvesteringar i aksjar. Risikoen for misbruk vert redusert, og konkurransevilkåra i marknaden blir meir like. Departementet viser til nærmare omtale av reglane i Prop. 1 LS (2015–2016) punkt 7.4.

På to områder bør reglene justerast:

Den *første* justeringa gjeld reglane om skjerming for andel i verdipapirfond. Etter skattelova § 10-20 femte ledd skal berre den delen av andelen sin inngangsverdi som tilsvrar aksjeandelen i ervervsåret, vere skjermingsgrunnlag. Reglane bygger i andre samanhengar på ein sjablong. Etter sjablongen skal ein behandle fond med aksjeandel over 80 pst som om dei berre eig aksjar, og med mindre enn 20 pst som om dei berre eig andre verdipapir. Lovteksten er ikkje klar på om denne sjablongen og skal gjelde ved utrekning av skjerming. Departementet meiner mykje talar for at sjablongen og blir brukt ved utrekning av skjerming. Ei slik løysing vil forenkle og gi best samanheng i regelverket. Departementet foreslår at lovteksten justerast slik at dette blir klart. Løysinga vil til dømes innebere at skjerming blir gitt for heile kostprisen for andelen, når aksjeandelen ved erverv var over 80.

Den *andre* justeringa gjeld forholdet mellom dei nye skattereglare for verdipapirfond og dei reglane om oppjustering av aksjeutbytte og aksjegevinstar som gjeld frå og med i år. Disse regelsetta må sjåast i samanheng, men på eit punkt kan det vere tvil om korleis oppjustering skal skje. Dette gjeld den nye regelen i skattelova § 10-20 sjuande ledd om skattlegging av gevinst ved realisasjon av andel i verdipapirfond. Her oppstår spørsmål om oppjustering skal skje for heile gevinsten, eller berre den delen som samsvarar med berekna aksjeandel i fondet.

Departementet foreslår at det blir presisert i lovteksten at oppjustering berre skal skje for den delen som samsvarer med berekna aksjeandel i fondet. Det er ein skattytarvennleg løysing som og er prinsipielt mest riktig.

Departementet viser til forslag til skattelova § 10-20 femte ledd nytt anna punktum og § 10-20 sjuande ledd nytt sjette punktum.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2016.

Departementet antar at endringane ikkje får monalege provenymessige konsekvensar.

10 Verksemdspurdering av skogbruk – overgangsregel

10.1 Innleiing og samandrag

Tidlegare blei skog med ein årleg tilvekst ned til 3–5 m³ å rekne som verksemd («skogbruk») i samband med skatt. Frå 2016 er dette endra. Om skog blir å rekne som verksemd, skal no vurderast ut i frå dei elles gjeldande reglane for klassifisering av verksemd i skatteretten.

Inntekt frå skog som ikkje er verksemd, skal ikkje gjennomsnittsliknast. For skog som frå 2016 ikkje lenger blir å rekne som verksemd, er det gjeve overgangsreglar. Etter desse overgangsreglane vil skogeigar som er skattlagt for høgare inntekt frå dei fire siste åra gjennom gjennomsnittslikninga enn det som er reell inntekt frå den same perioden («inntektsoverheng») eller for lågare inntekt («inntektsunderheng»), få inntektsoverheng til frådrag eller inntektsunderheng til inntekt i året etter siste året med gjennomsnittslikning.

Departementet gjer framlegg om å endre overgangsordninga for skog som frå 2016 ikkje lenger blir å rekne for skogbruk, slik at skogeigar kan velje å føre gjennomsnittsunderheng på vinst- og tapskonto.

Framlegget inneber ein ny regel i skattelova § 14-81 sjette ledd nytt femte punktum.

10.2 Vurderingar og forslag

Overgangsordninga for skog som frå 2016 ikkje lenger blir å rekne for skogbruk, kan få utslag for einskilde skogeigarar som er mindre gunstig enn det som følgde av dei reglane som gjaldt då skogsdrifta fann stad. Departementet gjer derfor framlegg om å erstatte gjeldande overgangsordning med ei ny.

For gjennomsnittsunderheng blir det foreslått at skattytar kan velje om dette heilt eller delvis skal vere eit inntektstillegg i året etter siste året

med gjennomsnittslikning, eller om gjennomsnittsunderhenget skal førast på vinst- og tapskonto, jf. skattelova § 14-45. Vel skattytar å føre underhenget på vinst- og tapskonto, blir det 20 pst. skattlegging av saldoen ved årets slutt. Det gir ei utsetjing av skattlegginga samanlikna med den vedtekne overgangsordninga, som fastset at underheng skal takast til inntekt fullt ut året etter siste året med gjennomsnittslikning.

Gjennomsnittsoverheng skal framleis vere eit inntektsfrådrag for året etter siste året med gjennomsnittslikning, med vanleg rett til å føre underskot til frådrag i seinare år når skattytar ikkje har tilstrekkeleg inntekt til å nytte frådraget det same inntektsåret.

Departementet sendte 4. mars 2016 på høyring eit framlegg om endringar i skattlegginga av landbruket. Eit av forslaga er å fjerne ordninga med gjennomsnittslikning for skogbruk, og erstatte ho med ei ordning der årets overskot kan førast på ein tømmerkonto etter same mønster som vinst- og tapskonto.

Departementet viser til forslag til ny regel i skattelova § 14-81 sjette ledd nytt femte punktum.

10.3 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil ha nemneverdige økonomiske eller administrative følgjer.

10.4 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa i skattelova tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2016.

11 Endring av produktavgifta i fiskerinæringa

Av næringsinntekt skal det normalt svarast 11,4 pst. trygdeavgift, medan satsen er 8,2 pst. for lønnsinntekt. Næringsdrivande i fiskerinæringa betaler øg 8,2 pst. trygdeavgift. Mellomlegget opp til 11,4 pst. blir dekt av ei særskilt produktavgift. Produktavgifta skal, forutan å dekkje mellomlegget i trygdeavgifta, øg dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntalsførte fiskarar og utgifter i samband med stønad til arbeidsledige i næringa. Det skal svarast produktavgift av all fangst frå norskregristrerte fartøy. I statsbudsjettet for 2016 blei det vedteke å setje produktavgifta til 2,7 pst. for 2016.

Produktavgifta blir rekna ut på bakgrunn av innhenta prognosar for kommande års førstehandsverdi av all fangst, om lag 4–5 månader før kalenderåret starter. Uvisse i prognosane gjer det vanskeleg å fastsetje ein riktig sats. Ved endring i grunnlaget for utrekninga kan det vere aktuelt å endre avgiftssatsen i samband med Revidert

nasjonalbudsjett. I brev av 30. april 2016 tilrår Nærings- og fiskeridepartementet at satsen blir justert ned til 2,5 pst. frå og med 1. juli 2016. Tilrådinga er basert på reviderte anslag for førstehandsverdien og pensjonsgjevande inntekt samt forventa utgifter i ordningane som produktavgifta er meint å dekkje. Den foreslegne reduksjonen i produktavgifta med 0,2 prosenteiningar har samanheng med at utbetalingane til dagpengar er forventa å gå ned, og at ein reknar med at førstehandsverdien av den samla fangsten i 2016 vil auke.

Departementet foreslår derfor å redusere produktavgifta til 2,5 pst. frå 1. juli 2016, i tråd med forslag og berekningar frå Nærings- og fiskeridepartementet. I tabell 11.1 er prognosane som ligg til grunn for forslaget, oppgjevne.

Departementet viser til forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringa for 2016.

Tabell 11.1 Anslag som ligg til grunn for forslag om produktavgift for 2. halvår 2016. Mill. kroner

| | 2016 |
|---|----------|
| Førstehandsverde som det skal betalast produktavgift av | 15 562,0 |
| Pensjonsgjevande inntekt | 5 997,0 |
| Differanse trygdeavgift (3,2 pst. av inntekt) | 191,9 |
| Yrkesskadetrygd (0,2 pst. av inntekt) | 12,0 |
| Dagpengar ved arbeidsløyse | 75,0 |
| Kollektiv tilleggstrygd for sjukepengar | 114,0 |
| Sum utgifter | 392,9 |

12 Høve til å frita fritidsbustader for egedomsskatt

12.1 Innleiing og samandrag

Lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane inneheld fleire ulike utskrivingsalternativ som skil mellom kva typar eigedom som kan ha egedomsskatt. Fleire av utskrivingsalternativa omfattar bustad- og fritidseigedom. I egedomsskatten blir bustad- og fritidseigedom handsama saman.

Departementet gjer framlegg om at kommunane skal kunna frita fritidsbustader for egedomsskatt. Det vil då vere opp til den einskilde kommunen å avgjere om egedomsskatten òg skal omfatte fritidsbustader.

Forslaget fører til ei endring i egedomsskattelova § 7.

Departementet foreslår at endringa skal gjelde frå og med skatteåret 2017.

12.2 Gjeldande rett

Egedomsskatten er ein communal skatt på fast eigedom. Skatten er ein objektskatt. Det vil seie at det er eigedomen som er skatteobjektet, og ikkje inntekta eller formuen til ein person. Dette tyder òg at skatten er ein bruttoskatt, utan frådrag for gjeld.

Egedomsskattelova har fleire utskrivingsalternativ. Kommunen kan velje innanfor dei alternativa som lova inneholder. Fritidsbustader er ikkje ein eigen utskrivingskategori, men blir rekna saman med bustadeigedom. Lova inneholder derfor heller ikkje nokon eigen definisjon av omgrepene fritidsbustad.

Ved fastsettjing av skattegrunnlaget for egedomsskatten blir verdien av eigedomane sett til antatt marknadsverdi ved taksering. Takseringa blir normalt gjennomført av kommunale nemnder. For bustadeigedom kan verdsettjinga alternativt byggje på verdien som blir sett på eigedomen ved likninga. Den sistnemnde regelen gjeld likevel ikkje for fritidsbustader.

I egedomsskatten må ein i fleire høve skilje mellom bustader/fritidsbustader og næringseigedom. Omgrepene «næringseigedom» blei innført i

egedomsskatten i 2011 som eit nytt utskrivingsalternativ. I forarbeida, Prop. 1 LS (2010–2011), uttalte departementet følgjande om grensa mellom bustadeigedom og næringseigedom:

«Departementet legger til grunn at utleid boligeiendom faller utenfor kategorien «næringseiendom» i egedomsskattelova, selv om utleien ligningsmessig anses som næringsvirksomhet for eieren. Også slike boligeiendommer skal følge boligreglene for eiendomsbeskrining. (...)»

I 2012 blei egedomsskattelova endra ved at det blei innført adgang til å skrive ut egedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen unntake verk og bruk og annan næringseigedom. Departementet uttalte seg òg då om grensa mellom næringseigedom og bustadeigedom i egedomsskatten, jf. Prop. 1 LS (2011–2012):

«En næringsdrivende entreprenørs anskafelse og bebyggelse av tomter for senere bolig- eller hytteomsetning regnes i denne forbindelse ikke som næringsutnyttelse. Det samme gjelder utleide boliger og hytter selv om de innår i utleienæringer for eieren.»

I skatteretten gjeld det ulike reglar for bustader og fritidsbustader, jf. føresegna i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skattelova), kapitla 9 og 14.

I formuesskatten byggjer grensedraga mellom bustader og fritidsbustader på eigedomens art eller karakter. I nokre samanhengar kan det òg vere spørsmål om ein eigedom skal rekna som fritidsbustad eller næringseigedom. Etter forskrift 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring mv. av skattelova (skattelovforskriften) § 4-10-2 andre ledd skal fritidsbustad som blir leigd ut i eigarens næringsverksemde rekna som utleigd næringseigedom.

Ved skattlegging av eventuell gevinst eller frådrag for tap ved avhending av fritidsbustad vil avgjerda òg kunne avhenge av om eigedomen hovudsakleg blir nytta til fritidsføremål.

12.3 Vurderingar og forslag

I 2007 blei det innført eit nytt utskrivingsalternativ i eigedomsskattelova som gjer det mogleg å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen. Dette har ført til at det blir skriven ut eigedomsskatt på fritidsbustader i større mon enn før. Tidlegare var det eit kriterium for utskriving av eigedomsskatt at eigedomen låg innanfor område som «heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang».

Eigedomsskattelova inneholdt ei rekke alternativ med omsyn til omfanget av utskrivinga. Dette har mellom anna vore grunngjeve med behovet for å tilpasse utskrivinga etter dei lokale tilhøva i kommunen. Departementet meiner det òg bør vere opp til den einskilde kommunen å avgjere om det skal skrivast ut eigedomsskatt på fritidsbustader. Det blir derfor gjort framlegg om å innføre ei moglegheit for kommunen til å frata slik eigedom, uavhengig av kva utskrivingsalternativ som blir nytta.

Ein slik regel vil gi dei kommunane som ynskjer det moglegheit til å tiltrekke seg hyttebyggjarar. Slik aktivitet vil òg kunne gi ringverknader for det lokale næringslivet.

Framlegget gjer det nødvendig å avgrense omgrepene fritidsbustad i denne samanhengen. Fritidsbustader må skiljast frå bustader og næringseigedom. Når det gjeld grensa mot bustader, legg departementet til grunn at ein bør bruke same prinsipp som i formuesskatten, kor ein byggjer på eigedomens art og karakter, og ikkje på bruken. Ei anna løysing vil kunne gi som resultat at to like eigedomar blir handsama ulikt avhengig av bruken. Framlegget vil mellom anna ha til følgje at leilegheiter i byar brukte som fritidsbustad ikkje kan bli friteke. Fritidsbustad vil då typisk vere hytter, sommarhus og leilegheit i leilegheitskompleks bygd berre for fritidsføremål.

Ved fastsetjinga av kva eigedomar som skal reknast som fritidseigedom foreslår departementet at kommunen skal byggje på opplysningane i matrikkelen. Matrikkelen er Noregs offisielle register over fast eigedom, inklusiv fritidsbustader. Òg i matrikkelen er kategoriseringa av eigedomstypar basert på eigedomens karakter. Kartverket organiserer matrikkelen, men føringa av denne blir normalt gjort i kommunane basert på retningsliner frå Klima- og miljødepartementet. I matrikkelen blir ulike bygningstypar inndelte i ulike kategoriar i samsvar med kva bygget er godkjend som. Slikt vedtak blir fatta av bygningsstyresekretariene i kommunen med heimel i plan- og bygningslova. Kommunane vil dermed sjølv ha til-

gang til dei opplysningane som er nødvendige for å fastslå om ein eigedom skal klassifiserast som fritidsbustad.

Fritaket vil omfatte fritidsbustader kategorisert i matrikkelen som «*fritidsbygg*». Dette vil typisk vere private hytter og sommarhus, jf. ovenfor. Sjøhus, stabbur og seterhus mv. som har blitt teke i bruk som fritidsbustad, men som ikkje er godkjend som dette og derfor heller ikkje er registrerte som fritidsbygg i matrikkelen, vil ikkje bli fritekne. Heilårsbustad og våningshus som blir nytta som fritidsbustad vil ikkje vere fritekne med mindre dei er klassifisert som fritidsbygg i matrikkelen. Firmahytter som blir nytta av arbeidstakarane i bedrifta, vil vere fritekne når dei er registrerte som fritidsbygg i matrikkelen.

Vanlege fritidsbustader vil vere omfatta av fritaket sjølv om dei blir leigde ut, så lenge dei er rekna som fritidsbygg i matrikkelen. Fritidsbustader må likevel avgrensast mot næringseigedom. Departementet legg til grunn at reint kommersiell uteie som regel skjer gjennom typiske campinghytter og uteleihytter. Desse eigedomane er bygde med korttidsutleie som føremål og utgjer ein eigen kategori i matrikkelen. Slik eigedom skal reknast som næringseigedom og vil ikkje vere omfatta av fritaket for fritidsbustader.

I samband med innføring av næringseigedom som ein eigen kategori i eigedomsskatten har departementet lagt til grunn at bustad- eller fritidseigedom ikkje skal reknast som næringseigedom, sjølv om uteiga blir rekna som næringsverksamd ved likninga. Med dette framlegget blir det matrikkelen som blir avgjerande for kategoriseringa.

Departementet gjer framlegg om at den nye regelen om fritak for fritidsbustader blir teken inn i eigedomsskattelova § 7 saman med dei andre føresagnene om fritak som blir vedtekne av kommunestyret. Fritaket vil gjelde uavhengig av kva utskrivingsalternativ som blir nytta.

Departementet viser til forslag til ny § 7 bokstav e i eigedomsskattelova.

12.4 Økonomiske og administrative følgjer

Gjer kommunestyret vedtak om fritak for fritidsbustader, vil kommunen måtte skilje ut slik eigedom frå dei andre eigedomane som går inn under utskrivingsalternativet. Departementet legg til grunn at mengda meirarbeid som følgje av dette er avgrensa ettersom opplysningane som skal ligge til grunn for fritaket kan hentast i matrikkelen.

Vedtak om fritak vil redusere kommunens eigedomsskatteinntekter. Departementet har ikkje grunnlag for å seie noko om kor mange kommunar som vil nytte seg av den nye moglegheita til ikkje å skrive ut eigedomsskatt på fritids-eigedom, og kan derfor heller ikkje seie noko om provenyverknadene for den einskilde kommunen eller samla sett. Departementet har heller ikkje grunnlag for å seie noko om i kva grad ei slik endring kan bidra til auka økonomisk aktivitet i den

einskilde kommunen som følgje av at kommunen blir meir attraktiv for hytteeigarar.

12.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

13 Innføring av maksimumssats på to promille ved første gongs utskriving av egedomsskatt på bustader og fritidsbustader

13.1 Innleiing og samandrag

I egedomsskattelova er det sett grenser for kor høg skattesatsen kan vere første året kommunen skriv ut egedomsskatt. Slik regelen blir tolka, er det ikkje rekna som første gongs utskriving når kommunen skiftar utskrivingsalternativ og dette medfører at nye typar egedom blir omfatta av egedomsskattegrunnlaget. Til dømes gjeld dette når kommunen går over frå å skrive ut egedoms-skatt på «*verk og bruk*» til å skrive ut egedoms-skatt i heile kommunen. Særleg for eigarar av bustader og fritidsbustader kan dette gi ei brå økonomisk belasting. Departementet gjer framlegg om at den lågaste skattesatsen på to promille må nyttast for bustader og fritidsbustader første året det blir skrive ut egedomsskatt på slik eige-dom, òg ved overgang til nytt utskrivingsalternativ.

Forslaget fører til ei endring i egedomsskattelova § 13.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå og med skatteåret 2017.

13.2 Gjeldande rett

Egedomsskattelova § 13 første ledd, første punktum fastset at skattesatsen skal vere to promille det første året kommunen skriv ut egedomsskatt. Seinare år kan satsen aukast med inntil to promille til ein når maksimum på sju promille. Det blir ikkje rekna for første gongs utskriving der som kommunen allereie skriv ut egedomsskatt, men går over til eit anna utskrivingsalternativ som gjer at nye egedomar kjem til. Egedomsskattelova § 13 andre ledd fastset at kommunen kan nyttre same sats som tidlegare òg i område som kjem til som følgje av ei utviding av kommune-grensene.

I Ot.prp. nr. 77 (2005–2006) heiter det i pkt. 14.4.4.3:

«Departementet har lagt til grunn at det ikkje vert rekna som slik første gongs utskriving når kommunen utvider området for egedomsskatten. Eit døme på dette er når kommunen tidlegare berre har skreve ut egedomsskatt i einskilde delar av kommunen, men seinare vel å skrive ut egedomsskatt også på nye område som har utvikla seg til å vera utbygd på byvis. Departementet legg difor til grunn at kommunane vil kunne nytte same skattesats på dei egedomane som kjem til som følgje av at alternativet med å skrive ut egedomsskatt i heile kommunen vert nytt. Dette er også i samsvar med prinsippet i siste ledd i § 13, som fastsett at kommunen kan bruke same skattesats også i område som kjem til gjennom ei utviding av kommune-grensene. Departementet ser difor ikkje behov for å fastsette nokon særskild overgangsregel om dette.

Om kommunen til dømes skriv ut egedomsskatt med høgaste sats i dag, jf. egedomsskattelova § 11, vil det og gjelde egedom i det nye geografiske verkeområdet, dersom kommunen vel å ta dette nye verkeområdet inn i skatteutskrivinga. Generelt lågare sats kan likevel veljast om kommunen skulle finne det ønskjeleg i samband med val av utvida verkeområde.»

Når ein kommune etter eit opphold i utskriving skal skrive ut egedomsskatt på nytt, blir det rekna som første gongs utskriving sjølv om kommunen har skrive ut egedomsskatt tidlegare. Dette gjeld uavhengig av om opphaldet i utskrivinga er kortvarig eller langvarig.

13.3 Vurderingar og forslag

Den høgaste skattesatsen som kan nyttast ved utskriving av egedomsskatt er sju promille. Etter gjeldande rett kan kommunen gi bustader og fritidseigedom egedomsskatt med opptil sju promille første gong det blir skriven ut skatt på dei

dersom kommunen allereie nyttar slik sats på annan eigedom. Slik reglane er i dag, er ikkje eigarane av bustad- og fritidseigedomar sikra ei gradvis opptrapping av eigedomsskatten når kommunen allereie skriv ut eigedomsskatt. Departementet gjer framlegg om at den lågaste skattesatsen skal nyttast første gong det blir skriven ut eigedomsskatt på slik eigedom som følge av overgang til nytt utskrivingsalternativ. Seinare kan satsen aukast med inntil to promille kvart år, inntil maksimum sju promille.

Skifte av utskrivingsalternativ kan også skje frå eit alternativ som omfattar bustad- og fritidseigedom, jf. utskrivingsalternativa som inneber eigedomsskatt i bymessige strøk mv. I slike høve vil det ikkje bli rekna som første gong kommunen skriv ut eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedom.

Departementet viser til forslag til endring i eigedomsskattelova § 13.

13.4 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet legg til grunn at endringa ikkje vil medføre administrativt meir arbeid for kommunane.

Forslaget vil kunne få verknad for kommunar som allereie har eigedomsskatt, men ikkje på bustad- og fritidseigedom. I 2016 gjeld dette om lag 98 av 362 kommunar med eigedomsskatt. Isolert sett vil forslaget redusere dei potensielle inntektene frå eigedomsskatten for kommunar som utvidar eigedomsskattegrunnlaget. Inntektsbortfallet gjeld berre dei første åra inntil ein innanforlovens rammer har auka satsen til det maksimale. Det vil også vere slik at kommunane ved bruk av botnfrådrag kan regulere storleiken på utlikna eigedomsskatt. Departementet har ikkje grunnlag for å seie noko meir presist om kor mange kommunar som blir råka av endringa, eller dei økonomiske konsekvensane for den einskilde kommunen eller samla for alle kommunar.

13.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

14 Justert verknadstidspunkt for endra avskrivingsreglar for vindkraft

14.1 Innleiing og samandrag

Ved lovendring 19. juni 2015 vedtok Stortinget endringar i avskrivingsreglane for vindkraftverk. Etter dei nye reglane kan vindkraftverk avskrivast lineært, med like store beløp over fem år. Dei nye avskrivingsreglane vil ikkje tre i kraft før ETFA sitt overvakingsorgan (ESA) har godkjent ordninga som lovleg statsstøtte.

Opphavleg skulle reglane gjelde for driftsmiddel erverva frå 1. januar 2015 til 31. desember 2020. For å sikre at investeringar i vindkraftverk oppfyller kravet til insentiveffekt i ESA sine retningslinjer for miljøstøtte, bør ikkje driftsmiddel som er erverva før dei nye reglane blei vedteke av Stortinget vere omfatta av ordninga. Regjeringa foreslår derfor å justere dei nye avskrivingsreglane slik at driftsmiddel som er erverva før 19. juni 2015 ikkje kan bli avskrivne etter dei nye reglane. Samstundes blir det presisert at avskrivingsreglane ikkje gjeld dersom skattytar har byrja å arbeide med prosjektet før 19. juni 2015. Vidare er sluttdatoen for når anlegg som kvalifiserer til el-sertifikat utvida til 2021, og i tråd med dette blir òg avskrivingsordninga foreslått utvida til å omfatte driftsmiddel erverva til og med inntektsåret 2021.

Departementet har i lengre tid vore i ein pre-notifikasjonsprosess med ESA. Formell notifikasjon blei sendt 10. mai i år.

14.2 Vurderingar og forslag

Skattelova § 14-51 om avskrivningar av driftsmiddel i vindkraftverk utgjer statsstøtte, og må vere utforma i tråd med statsstøttere reglane for å vere lovlege. Det er i utgangspunktet ESA sine retningslinjer for miljøstøtte som gjeld ved vurderinga av om dei nye avskrivingsreglane er i samsvar med EØS-avtalen. Ifølge miljøretningslinjene punkt 3.2.4 er det et vilkår at støtta har ein insentiveffekt. Det går fram av retningslinjene artikkel 44 at:

«[a]n incentive effect occurs when the aid induces the beneficiary to change its behaviour to increase the level of environmental protection or to improve the functioning of a secure, affordable and sustainable energy market, a change in behaviour which it would not undertake without the aid [...]»

Av fortalen til EU-kommisjonen sin gruppeuntaktsforordning (20) går det fram at det er eit vilkår for automatisk støtte i form av skattetiltak at ordninga er vedteken før den som har rett til støtte byrjar å arbeide på prosjektet. Miljøretningslinjene inneholder ikkje ei lik formulering, men departementet oppfattar at eit tilsvarande vilkår må tolkast inn for desse retningslinjene.

For å sikre at dei nye avskrivingsreglane for vindkraftverk oppfyller kravet til insentiveffekt foreslår regjeringa å utsette tidspunktet dei nye avskrivingsreglane skal gjelde frå, til det tidspunkt skattelova § 14-51 blei endra, det vil seie 19. juni 2015. Dette betyr at dei nye avskrivingsreglane berre skal gjelde for driftsmiddel erverva frå 19. juni 2015. Samstundes blir det foreslått ei presisering som gjer det klart at dei nye reglane ikkje kan nyttast dersom skattytaren hadde byrja å arbeide på prosjektet før 19. juni 2015. Ved vurderinga av kva for aktivitet som avskjer skattytar for å nyttja dei nye avskrivingsreglane, må ein sjå hen til miljøretningslinjene, særskilt punkt 1.3 (44).

Av forarbeida til skattelova § 14-51, Prop. 120 LS (2014–2015) kapittel 10, går det fram at reglane skulle gjelde for driftsmiddel erverva fram til utløpet av godkjenningsperioden for norske el-sertifikatanlegg, det vil seie fram til 31. desember 2020, eller seinare dersom godkjenningsperioden for el-sertifikatanlegg blei utvida.

Slutt dato for når anlegg kvalifiserer til el-sertifikat blei utvida til 2021 ved lovendring 10. juni 2015. I tråd med dette foreslår departementet ei endring av skattelova § 14-51 slik at det kjem fram at ordninga omfattar driftsmiddel erverva til og med inntektsåret 2021.

Departementet viser til forslag til endringar i skattelova § 14-51.

14.3 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer.

15 Endra frist for å betale lønnstrek på Svalbard

15.1 Innleiing og samandrag

Departementet legg fram forslag om å endre fristen for å betale lønnstrek på Svalbard. Forslaget fører med seg at arbeidsgjevarar som gjennomfører lønnstrek for å dekke skatten til arbeidstakrar på Svalbard, skal betale trekket inn til staten seks gangar i året, nærmere bestemt den femtande i månaden etter kvar tomånadlege termin. Forslaget gjer at fristen for å betale lønnstrek på Svalbard blir den same som fristen for å betale vanleg forskottrekk. Etter gjeldande føresegnere skal arbeidsgjevarar betale lønnstrek to gangar i året, kvar 1. august for terminen frå 1. januar til 30. juni og 1. februar i året etter inntektsåret for terminen frå 1. juli til 31. desember.

Departementet foreslår at lovendringa tek til å gjelde 1. januar 2017 med verknad for terminar som startar denne dagen og seinare.

Forslaget fører til ei endring i skattebetalingslova § 10-11.

15.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Arbeidsgjevarar skal gjennomføre lønnstrek til dekning av skatten på arbeidstakarane si inntekt på Svalbard, jf. Svalbardskattelova § 5-2. Lønnstrekket forfall til betaling to gangar i året. For terminen frå 1. januar til 30. juni er forfallsfristen 1. august. For terminen frå 1. juli til 31. desember er forfallsfristen 1. februar i året etter inntektsåret, jf. skattebetalingslova § 10-11 første og andre punktum. Forfallsføresegnene som gjeld for Svalbard skil seg dermed frå forfallsføresegnene for vanleg forskottrekk på fastlandet som forfall til betaling den femtande i månaden etter kvar tomånadlege termin, jf. skattebetalingslova § 10-10 første ledd.

Arbeidsgjevarane skal rapportere inn lønnstrekket på Svalbard til skattestyresmaktene på månadleg basis etter føresegnene i a-opplysningslova § 4, jf. § 3 bokstav e. A-opplysningslova har ei ordning der arbeidsgjevarar rapporterer inntektsopplysningar m.m. til éin mottakssentral som tre offentlege etatar, Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten (NAV) og Statistisk Sentralbyrå, kan

hente opplysning frå, jf. a-opplysningslova § 8. Rapportering av lønnstrek på Svalbard skjer ved at opplysningane om trekket er med i ein samla sum for vanleg forskottrekk og lønnstrek som blir rapportert inn etter føresegnene i a-opplysningslova (ved levering av a-melding).

På bakgrunn av summen av forskottrekk og lønnstrek i a-meldinga, blir det i Skatteetaten sitt skatteregnskapssystem SOFIE (Skatt, oppfølging, forvaltning, innkrevjing og ettersyn) oppretta eit samla krav som forfall til betaling etter føresegnene for vanleg forskottrekk. Dette inneber med andre ord at datasystemet SOFIE opprettar eitt krav som inkluderer både forskottrekk og lønnstrek, sjølv om lønnstrekket etter skatteinbetatingslova ikkje forfall til betaling før ein månad etter den halvårlege terminen. Til dømes opprettar SOFIE krav med forfall 15. mars, 15. mai, 15. juni som inkluderer lønnstrek for januar-februar, mars-april og mai-juni, trass i at lønnstrek for desse periodane ikkje forfall til betaling før 1. august.

Arbeidsgjevarar som ikkje ønskjer å gjere opp lønnstrekket på Svalbard før forfallsfristen i lova, kan la vere å betale den delen av det samla trekket som lønnstrekket utgjer. I så fall oppstår det feilaktig i SOFIE eit udekt krav tilsvarende det tilbakehaldne beløpet. Dette har uheldige konsekvensar både for arbeidsgjevarane og skattestyresmaktene.

For arbeidsgjevarane fører det mellom anna til at dersom dei i tidsrommet frå restkravet oppstår til kravet blir betalt eller til fristdagen kjem, ber om skatteattest, vil denne attesten ha opplysnigar om skyldig skatt som ikkje har forfalle til betaling. For å hindre dette må skattestyresmaktene på si side etablere eit nytt krav for lønnstrek på det resterande beløpet. Kravet får forfallsdato tilsvarende forfallsfristen for lønnstrek. Skattestyresmaktene må opprette kravet manuelt for kvar enkelt arbeidsgjevar etter kvart einaste forfall for vanleg lønnstrek (kvar tomånadlege termin), noko som er ressurskrevjande. Dersom dei opplysningspliktige arbeidsgjevarane gjer endringar i opplysningar som allereie er levert, vil dette ofte føre med seg endringar i høvet mellom vanleg for-

skotstrekks og lønnstrekks. Den manuelle opprettinga av krav må i så fall skje oftare enn ved kvart forfall.

15.3 Høyringa

Departementet sende 30. september 2015 på høyring eit forslag om at å endre fristen for å betale inn lønnstrekks på Svalbard slik at han blir samanfallande med fristen som gjeld for å betale vanleg forskotstrekks på fastlandet. Saka blei send til 102 høyringsinstansar, mellom anna ulike departement, direktorat, organisasjonar, lønnstenesteverandørar og arbeidsgjevarar på Svalbard.

Følgjande høyringsinstansar har kome med merknader til forslaget:

- Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Huldt & Lillevik AS
- Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund
- Skattedirektoratet

Alle desse instansane er positive til forslaget.

Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Utanriksdepartementet har uttalt at dei ikkje har nokre merknader i saka. *Statistisk Sentralbyrå* har sagt at dei ikkje har synspunkt ettersom forslaget ikkje har verknader for statistikkproduksjonen. *Landsorganisasjonen i Norge* har opplyst at dei ikkje uttaler seg i saka.

15.4 Vurderingar og forslag

D e p a r t e m e n t e t meiner at ein kan løyse dei problema som dei forskjellige fristane for forfall for vanleg forskotstrekks og lønnstrekks på Svalbard skapar for arbeidsgjevarane og skattestyresmaktene, på fleire måtar.

Eit alternativ er å gjere endringar i Skatteetatenes datasystem SOFIE og datasistema som arbeidsgjevarane brukar når dei rapporterer opplysningar etter a-opplysningslova.

Dette kan for det første skje ved at ein endrar SOFIE slik at dette systemet etablerer eitt krav for forskotstrekks med vanleg terminforfall og eitt krav for lønnstrekks med forfall for lønnstrekks. For dei opplysningspliktige som betaler heile summen (både forskotstrekks og lønnstrekks) ved forfallsfristen for forskotstrekks, kan SOFIE føre beløpet mot begge krava. Denne løysinga krev at arbeidsgjevarane gjer tilpassingar i datasistema sine slik

at dei kan rapportere vanleg forskotstrekks og lønnstrekks kvar for seg.

For det andre kan ein endre SOFIE slik at dette systemet etablerer eitt krav for forskotstrekks med vanleg terminforfall og eitt krav med forfall for lønnstrekks ut frå ei sumering av det forskotstrekket og lønnstrekket arbeidsgjevarane har rapportert inn for kvar enkelt arbeidstakar. Da legg ein den rapporteringa som skjer på personnivå til grunn når ein reknar ut krava, ikkje dei samla rapporterte beløpa for forskotstrekks og lønnstrekks.

I SOFIE er det i dag ikkje lagt til rette for nokre av desse løysingane. Begge løysingane vil derfor føre til utviklingskostnader for Skatteetaten. Den første løysinga vil òg gi arbeidsgjevarane kostnader fordi dei må endre datasistema sine.

Eit anna alternativ er å samordne forfallstidspunkta for lønnstrekks på Svalbard med forfallstidspunkta for vanleg forskotstrekks på fastlandet, slik at det blir seks årlege forfall og for lønnstrekket. For arbeidsgjevarane fører dette til at ein må betale lønnstrekket seks gonger i året i staden for to. Statistikk frå tida etter at føresegnene om rapportering av lønnstrekks etter a-opplysningslova trådde i kraft, viser likevel at mange arbeidsgjevarar allereie i dag betaler både forskotstrekks og lønnstrekks ved forfallstidspunktet for forskotstrekks. Til dømes var det etter tredje termin i 2015 ca. 150 arbeidsgjevarar som hadde rapportert inn lønnstrekks på personnivå i a-meldinga. Betalingsmønsteret frå dei tre første terminane i 2015 viser at om lag ein av fire konsekvent har betalt lønnstrekket saman med vanleg forskotstrekks.

I høyringa 30. september 2015 gjekk departementet inn for å løyse dei problema som dei forskjellige forfallsfristane for vanleg forskotstrekks og lønnstrekks på Svalbard skaper, ved at fristen for lønnstrekks blir den same som den som gjeld for forskotstrekks. Alle høyringsinstansane som har uttalt seg om saka, er positive til forslaget, og departementet legg forslaget fram for Stortinget utan endringar frå då det blei send på høyring.

Arbeidsgjevarane skal allereie i dag setje lønnstrekket på skattetrekkskonto etter svalbardskattelova § 5-2 fjerde ledd, jf. skattebetalingslova § 5-12 tredje ledd, og som tidlegare nemnd skal dei rapportere opplysningar om lønnstrekket i a-meldinga på månadleg basis. Departementet går derfor ut frå at det i praksis ikkje vil føre til økte administrative kostnader av særleg omfang for arbeidsgjevarane at dei etter lova må betale inn lønnstrekket oftare enn i dag. Den særskilde ordninga på Svalbard med betaling i halvårlege terminar har vore gjeldande sidan den tidligare svalbardskatt-

telova blei vedteke i 1925. Med den moderne betalingsteknologien ein har i dag, er det ikkje det same behovet for særlege betalingsføresegner som det det var tidlegare.

For arbeidsgjeverar som både skal betale lønnstrekks på Svalbard og vanleg forskotstrekks, er forslaget ei enklare ordning i og med at dei får berre eitt sett med føreseigner om forfallsfristar å halde seg til.

For skattestyresmaktene har forslaget den fordelan at dei slepp å opprette nye krav på betaling av lønnstrekks ved kvart einaste forfall for forskotstrekks. Det blir heller ikkje nødvendig å gjere endringar i datasystema til Skatteetaten og arbeidsgjeverane.

Departementet foreslår at ein gjennomfører lovendringa ved at skatteinbetningslova § 10-11 første punktum før følgjande ordlyd: «*For betaling av lønnstrekks av inntekt på Svalbard gjelder § 10-10 tilsvarende.*»

Som følgje av forslaget er det etter departementet sitt syn ikkje lenger nødvendig med ei særleg føresegn i § 10-11 tredje punktum om at arbeidsgjeverar skal betale lønnstrekks når verksamda på Svalbard tek slutt eller aktiviteten der sluttar på annan måte.

15.5 Økonomiske og administrative følgjer

Forslaget har ikkje provenymessige følgjer.

For arbeidsgjeverar fører forslaget til at dei må betale lønnstrekks seks gangar i året i staden for to. Dette vil gi økte administrative kostnader. Arbeidsgjeverane kan likevel betale lønnstrekket

samstundes som dei leverer a-meldinga som ein allereie i dag skal sende inn kvar månad. Betalingsmønsteret syner dessutan at mange arbeidsgjeverar allereie i dag betaler lønnstrekket ved terminforfallet for vanleg forskotstrekks. Samla sett er det derfor grunn til å tru at forslaget berre vil ha små administrative følgjer for arbeidsgjeverane.

For skattestyresmaktene fører forslaget til reduserte kostnader i og med at dei ikkje treng å etablere nye krav på innbetaling av lønnstrekks for dei arbeidsgjeverane som ikkje betaler lønnstrekks annankvar månad. Dette arbeidet må ein i dag gjera manuelt. Det er rett nok ikkje mange arbeidsgjeverar ein må etablere slike nye krav for, men arbeidet er likevel ressurskrevjande i dei høva det gjeld. Forslaget fører også med seg at styresmaktene slepp kostnadene ved å endre datasystemet SOFIE slik at det på bakgrunn av a-meldinga blir etablert eit krav på vanleg forskotstrekks og eit krav på lønnstrekks til Svalbard. Denne endringa kunne også ført til utviklingskostnader for arbeidsgjeverane.

15.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at lovendringa tek til å gjelde 1. januar 2017 med verknad for terminar som startar denne dagen og seinare. Terminen frå 1. juli 2016 til 31. desember 2016 har dermed forfallsfrist 15. februar 2017 etter dei noverande reglene, medan terminen frå 1. januar 2017 til 28. februar 2017 har forfallsfrist den 15. mars 2017.

16 Endringar i reglane for forskottstrekke

16.1 Innleiing og samandrag

Departementet foreslår endringar i skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7 slik at det klargjerast at forskottstrekkeordninga for lønn gjeld for alle ytingar som blir skattlagt som lønn. I skattebetalingslova § 5-7 foreslår departementet vidare at tidspunktet for når det kan gis fritak for forskottstrekke i pensjonar m.m. blir meir fleksibelt og tilsvarande kva som gjeld for lønnsinntekt. Departementet foreslår òg ei oppretting i skattebetalingslova § 5-7 i samband med ei tidlegare endring av føresegna.

Vidare foreslår departementet ei endring i skattebetalingslova § 5-9 om at det i berekningsgrunnlaget for forskottstrekke skal gjerast frådrag for pensjonsinnskot til utanlandske pensjonsordningar.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

Forsлага fører til endringar i skattebetalingslova §§ 5-5, 5-7 og 5-9.

16.2 Skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7

Etter skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7 blir forskottstrekke handsama noko ulikt alt ettersom ytinga skal følge forskottstrekkeordninga for lønn eller pensjon.

Skattebetalingslova § 5-5 første ledd fastsett storleiken på forskottstrekke i tilhøve kor den trekkpliktige ikkje har fått tilgang til informasjon om dette frå skattekortet. For lønn m.m. skal det i slike tilhøve gjerast eit trekk på 50 pst. For pensjon m.m. skal trekket i slike tilhøve vere 30 pst.

I skattebetalingslova § 5-7 er det fastsett reglar om ytingar som ein ikkje skal gjere forskottstrekke i. For lønn m.m. skal det gjerast trekk i 10,5 månader med fritak for ein månad i ferietida om sommaren og for ein halv månad «*før jul*», jf. første ledd bokstav a. For pensjon m.m. skal ein gjere trekk i 11 månader med fritak i «*desember månad*», jf. første ledd bokstav b.

Overgangsstønad for einslige forsørgjarar etter folketrygdlova § 15-6, som har blitt gitt frå 1.

april 2014 eller seinare, blir skattlagt som lønn. Frå inntektsåret 2017 vil dette gjelde for alle som mottar slik stønad. Overgangsstønad for einslige forsørgjarar blir likevel handsama som pensjon i samband med forskottstrekket. Dette har samanheng med at stønaden tidlegere blei skattlagt som pensjon. Same forskjell mellom skatteordning og forskottstrekkeordning gjaldt òg i ein periode etter uførereforma for uføreyingar, men slike ytingar handsamas no likt med lønn i høve til forskottstrekket, jf. endring i skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7 som tok til å gjelde 1. januar 2016.

Etter departementets oppfatning bør ytingar som blir skattlagt som lønn, òg bli handsama som lønn i samband med forskottstrekket. Departementet foreslår derfor at ein gjer ordlyden i skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7 meir generell, slik at forskottstrekkeordninga som gjeld for lønn skal gjelde for alle ytingar som blir skattlagt som lønn. Slik vil reglane om forskottstrekke bli enklare og meir robuste for eventuelle endringar i skattereglane.

Departementet foreslår òg å endre tidspunktet for når ein skal gjere fritak for forskottstrekke i pensjonar m.m. i skattebetalingslova § 5-7 første ledd bokstav b. Avgrensinga av trekkfritaket til desember månad har vist seg lite fleksibelt i tilhøve kor utbetaling av ytingar blir gjort seint opp mot jul. Departementet foreslår derfor at tidspunktet for når trekkfritaket kan skje etter føresegna blir endra frå «desember» til «*før jul*». Forslaget inneber ein samordning med kva som gjeld for lønnsinntekt m.m.

Skattebetalingslova § 5-7 første ledd bokstav b fastsett at trekkfritaket i desember ikkje gjeld for visse ytingar til personer som ikkje bur i Noreg. Ved endringa i skattebetalingslova § 5-7 frå 1. januar 2016, nemnt ovanfor, blei det ikkje tilstrekkeleg klargjort at dette unntaket framleis skal gjelde for uføretrygd etter folketrygdlova kapittel 12 og uføreyingar frå andre ordningar. Departementet foreslår derfor ei endring i § 5-7 slik at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslag til endringar i skattebetalingslova §§ 5-5 og 5-7.

16.3 Skattebetalingslova § 5-9

Skattebetalingslova § 5-9 første ledd bokstav a fastsett at det i berekningsgrunnlaget for forskottstrekk skal gjerast frådrag for pensjonsinnskot som arbeidsgivar avkortar i lønna, og som skattytar vil ha krav på frådrag for ved likninga etter skattelova § 6-47 første ledd bokstav a og b.

Departementet foreslår å endre føresegna slik at det går fram at det i berekningsgrunnlaget også skal gjerast frådrag for pensjonsinnskot som arbeidsgivar avkortar i lønna, og som skattytar vil ha krav på frådrag for ved likninga etter skattelova § 6-72. Ein gjer endringa som følgje av at lov 19. juni 2015 nr. 52 innførde ei ny føresegen i skattelova § 6-72 om frådrag for innbetalingar til utanlandske pensjonsordningar.

Departementet viser til forslag til endring i skattebetalingslova § 5-9 første ledd bokstav a.

16.4 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet legg til grunn at forslaga ikkje har nemneverdige økonomiske og administrative følgjer.

16.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17 Opprettningar og presiseringar i lovtekst

17.1 Korttitlar til lover på skatte- og avgiftsområdet

I nyare tid har det blitt vanleg å gi ei lov ein offisiell korttittel dersom det fulle namnet til lova blir nokså langt. Til dømes har lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav korttittelen skattebetalingsloven. Det er praktisk å bruke korttittelen når ein viser til lova i andre lover og i anna omtale. Mange av lovene på skatte- og avgiftsområdet blei vedtekne utan offisielle korttitlar. Departementet foreslår å endre titlane til dei fleste av desse lovene slik at dei får korttitlar. Dei føreslegne titlane svarar til dei uoffisielle namna som lovene har fått i litteratur, lovsamlingar og hos Lovdata. Forslaget er derfor ei formalisering av gjeldande praksis.

Departementet viser til forslag om endringar i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter, lov 28. juli 1949 nr. 15 om adgang for Kongen til å inngå overenskomster med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v., lov 19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter, lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane, lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v., lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard, lov

29. november 1996 nr. 69 om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis, lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v. og lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

Departementet foreslår at endringane trer i kraft straks.

17.2 Skattelova § 10-42

I skattelova § 10-42 tredje ledd a manglar eit «og» i siste setningsperiode. Departementet foreslår at dette blir retta.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

17.3 Skattelova § 10-44

I skattelova § 10-44 er «personlig aksjonær» brukt i ein samanheng. Regelen gjeld deltararlikna selskap, og formuleringa bør endrast til «personlig deltaker». Departementet foreslår ei slik endring.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

18 Omtale av oppmodingsvedtak om tiltak mot svart arbeid

Stortinget fremja i Dok 8:7 S (2014–2015), Innst. 218 S (2014–2015) og Stortingets vedtak 28. april 2015 oppmodingsvedtak 513–515 om tiltak for å styrke kampen mot svart arbeid. I meld. St. 15 (2015–2016) orienterte regjeringa om at det ville bli rapportert til Stortinget om forslag til aktuelle oppfølgingspunkt våren 2016. Status for arbeidet med vedtaka er som følgjer:

Vedtak nr. 513 «Stortinget ber regjeringen utrede om Skatteetaten kan få bedre muligheter til å innhente relevant informasjon og sikre bevis, blant annet gjennom beslag.»

Skatteetaten har i dag vide og robuste kontrollheimlar i arbeidet med å fastsetje, kontrollere og krevje inn skattar og avgifter. Når det er behov for bruk av tvangsmiddel, til dømes gjennom ransaking og beslag, må likevel skattestyresmaktene be om bistand frå politiet.

Dersom Skatteetaten skal ha eigne heimlar for bruk av tvangsmiddel er det behov for en prinsipiell vurdering av rollefordelinga mellom politiet og Skatteetaten, då slike arbeidsoppgåver vil flytte grensesnittet mellom politiet og forvaltinga si rolle ved nedkjemping av kriminalitet. Vidare er det viktige spørsmål om Skatteetatens ressurssituasjon og kompetanse for denne type oppgåver som må avklara. Skattedirektoratet er som følgje av oppmodingsvedtaket i gong med å utgreie spørsmåla og er venta å gjere ei vurdering av om dette er noko ein ønsker å gå vidare med innan utgangen av 2016.

Vedtak nr. 514 «Stortinget ber regjeringen utrede forslag som kan gi Skatteetaten bedre mulighet til å dele informasjon, som for eksempel ileggelse av skjerpet tilleggsskatt og manglende levering av selvangivelse, med andre offentlige etater, for å bekjempe svart virksomhet.»

Ei styrking av informasjonsdelinga mellom offentlege etatar er eit prioritert tiltak i regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet. Forslaget i oppmodingsvedtaket passer derfor godt inn i denne strategien. Som ein viktig del av dette arbeidet blei det den 1. desember 2015 framlagt ein «*Nasjonal veileder for informasjonsdeling mellom kontrollatane, politiet og private for å bekjempe kriminalitet*». Rettleiaren skal leggje til rette for ei styrkt informasjonsdeling mellom kontrollatane og inneholdt blant anna ein gjennomgang av kva slags informasjon som kan delast, og forslag til korleis ein kan gå fram for å vurdere om informasjon kan delast. Det blei samtidig utarbeida ein rapport med konkrete forslag til kva for nokre lover som bør vurderast med tanke på å leggje til rette for økt utveksling av informasjon mellom etatane. Skattedirektoratet og Politidirektoratet er bedne om å vurdere endringsforsлага i forbindelse med opprettinga av Nasjonalt tverretatleg senter for etterretning og analyse og i første omgang komme tilbake med ein endeleg plan for det vidare arbeidet innan 1. juni 2016.

Vedtak nr. 515 «Stortinget ber regjeringen utrede om skatteattesten kan bedres, slik at skatteattestene blir gyldige i sanntid og dermed blir et bedre virkemiddel i arbeidet mot svart virksomhet.»

Regjeringa er einig i at skatteattesten bør vise dei sist tilgjengelege tala, når dei blir brukte som grunnlag for blant anna offentlege anskaffingar. Skattedirektoratet har derfor innført eit system for bestilling av skatteattest i Altinn der det kan hentast ut skatteattester som er gyldige i sanntid, ved at dei viser status den aktuelle dagen.

19 Omtale av arbeidet med sektorunntaka for energi og transport i den differensierte arbeidsgjevaravgifta

Da EU endra sitt regelverk for regionalstøtte i 2013, måtte også ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift gjøras om. Den nye ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart godkjend av ESA 18. juni 2014 og vedtatt av Stortinget den 20. juni same år. Det nye regelverket inneber at enkelte sektorer ikkje lenger kan ha redusert avgift («sektorunntak»). Dette gjelder mellom anna sektorane transport og energi. For å kompensera for bortfallet av lav avgift, la regjeringa i Prop. 118 S (2013–2014) fram forslag om mellom anna å utvide den såkalla fribeløpsordninga til å gjelde også for dei unntatte sektorane.

Regjeringa har heile tida meint at sektorunntak i ordningar som den differensierte arbeidsgjevaravgifta er uheldig og bør unngåas så langt det er høve til det. Regjeringa har difor arbeidd kontinuerlig for ei løysing som på ny kan inkludere differensierte satsar for arbeidsgjevaravgift i dei aktuelle sektorane. I Prop. 1 LS (2014–2015) punkt 5.1 skreiv regjeringa mellom anna:

«Regjeringen har hatt en omfattende dialog med Europakommisjonen og ESA om sektorbegrensningene etter de nye regionalstøtterettingslinjene. Etter å ha fått gjennomslag for mindre omfattende sektorbegrensinger innenfor energisektoren og transportsektoren enn det som tidligere ble lagt til grunn av ESA og notifisert av Norge 13. mars, mener regjeringen at de begrensningene som nå er vedtatt, fullt ut utnytter det handlingsrommet som gjeldende tolkning og praksis i EU/EØS gir grunnlag for. Det vises for så vidt til redegjørelse i Stortinget 20. juni 2014 av statsråd for samordningen av EØS-saker og forholdet til EU, Vidar Helgesen.

Regjeringen vil følge nøyne med på rettsutviklingen i EU/EØS med sikte på å notifisere utvidelse av ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift dersom anvendelsen av sektorbegrensningene i EU gir grunnlag for dette. Regjeringen vil peke på viktigheten av at Norge går i dialog med Kommisjonen om fire – fem år

med sikte på å påvirke neste runde med reform av statsstøtteregelverket. Dette regelverket skal tre i kraft 1. januar 2021.»

Europakommisjonen sendte 7. mars 2016 på høyring eit forslag til endringar i forordninga om gruppemeld støtte (General Block Exemption Regulation – GBER). Dette forslaget gjeld i hovudsak endringar i reglane for støtte til hamner og lufthamner. Forslaget inneholder jamvel endringar i sektorunntaka for horisontale, regionale driftsstøtteordningar i «outermost regions» (dansk: «Den yderste periferi»). «Outermost regions» omfattar ein del oversjøiske områder under Frankrike, Portugal og Spania, mellom anna Guadeloupe, Martinique, Azorene og Kanariøyene.

I avsnitt 10 i høyringsforslaget skriv Kommisjonen:

«På baggrund af den erfaring, der er indhøstet med anvendelsen af forordning nr. 651/2014, er det også hensigtsmæssigt at tydeliggøre eller ændre visse bestemmelser, som har vist sig vanskelige at anvende. Det har, navnlig med hensyn til regionale driftsstøtteordninger for regioner i den yderste periferi, vist sig vanskeligt i praksis at anvende forskellige regler for kompensation for meromkostninger ved transport og andre meromkostninger, samtidig med at anvendelsen af forskellige regler har vist sig ikke at være et hensigtsmæssigt middel til at imødegå de begrænsninger, der er omhandlet i traktatens artikel 349, og bestemmelserne bør erstattes af en metode, der finder anvendelse på alle meromkostninger. I betragtning af de begrænsede negative virkninger støtte til kultur og bevarelse og kulturarv har for konkurrencen, bør anmeldelsestærsklerne for støtte inden for disse områder forhøjes.»

I forslaget til artikkel 13 punkt b er det forslag om i prinsippet å opne for støtte til transport- og energisektorane i outermost regions (*yderste periferi*) og i tynt busette områder:

«b) støtte til transportsektoren samt den tilknyttede infrastruktur og energiproduksjon, -distribution og -infrastruktur undtagen driftsstøtteordninger i regioner i den yderste periferi og i tyndt befolkede områder»

I forslaget til artikkel 15 er likevel dei nærmere vilkåra for regional driftsstøtte ulike. I *tyndt befolkede områder*, opnas det for driftsstøtte for å kompensere for meirkostnadane ved transport av varar laga i slike områder, medan det i *den yderste periferi*, opnas for å kompensera for alle meirkostnadane.

Kommisjonen grunngjev i eit «Explanatory Memorandum» sitt forslag til endringane for *den yderste periferi* med at skillet mellom transportkostnadar og andre meirkostnadar ikkje passar med korleis driftsstøtteordningane i desse områda verker. Vidare meiner Kommisjonen at ordningane med refusjon av meirkostnadar ved transport vil vere for ressurskrevjande.

Regjeringa har som nemnt ved fleire høve overfor ESA og Kommisjonen peikt på ulempene ved sektorunntaka, og er glad for at Kommisjonen når ser ut til å legge vekt på desse ulempene i forslaget til endringar i reglane for driftsstøtteordningane i *den yderste periferi*. Regjeringa meiner at argumentasjonen taler for tilsvarande endringar for *tyndt befolkede områder* omfatta av DA-ordninga (verkeområdet for den notifiserte DA-ordninga).

Forslaget gjeld støtteordningane som er gruppehelde, mens DA-ordninga er notifisert og godkjend etter regionalstøtteretningslinjene. Kommisjonens forslag gjev derfor i seg sjølv ikkje høve for Noreg til å fjerne sektorunntaka for energi og transport i DA-ordninga.

Regjeringa vil derfor oppretthalde den gode dialogen med Kommisjonen og ESA om desse sektorunntaka, og vil gje merknader til høyringsutkastet med sikte på løysingar som gjer det mogleg å gje støtte under DA-ordninga også til energi og transport.

Kommisjonen har sett frist for merknader til 30. mai 2016. Deretter vil Kommisjonen vurdere merknadene og sende eit nytt utkast på høyring hausten 2016.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i lov om særavgifter
- lov om endring i lov om adgang for Kongen til å inngå overenskomst med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v.
- lov om endring i lov om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter
- lov om endringar om eigedomsskatt til kommunane
- lov om endring om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endring i lov om skatt til Svalbard
- lov om endring i lov om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis
- lov om endring i lov om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
- lov om endringar om skatt av formue og inntekt
- lov om endring i lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endringar i lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endringar i lov om merverdiavgift

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2016
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til staten for budsjettåret 2016
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om toll for budsjettåret 2016.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i lov om særavgifter
- lov om endring i lov om adgang for Kongen til å inngå overenskomst med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v.
- lov om endring i lov om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter
- lov om endringar om egedomsskatt til kommunane
- lov om endring om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endring i lov om skatt til Svalbard
- lov om endring i lov om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis
- lov om endring i lov om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
- lov om endringar om skatt av formue og inntekt
- lov om endring i lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endringar i lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endringar i lov om merverdiavgift

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2016
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om særavgifter til staten for budsjettåret 2016
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om toll for budsjettåret 2016

i samsvar med et vedlagt forslag.

A – Forslag til lovvedtak

Forslag til lov om endring i lov om særavgifter

I

I lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om særavgifter (*særavgiftsloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endring i lov om adgang for Kongen til å inngå overenskomster med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v.

I

I lov 28. juli 1949 nr. 15 om adgang for Kongen til å inngå overenskomster med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v. blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om adgang for Kongen til å inngå overenskomster med fremmede stater til forebyggelse av dobbeltbeskatning m.v. (*dobbeltbeskatningsavtaleloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endring i lov om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter

I

I lov 19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om avgifter vedrørende motorkjøretøy og båter (*motorkjøretøy- og båtavgiftsloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endringar i lov om egedomsskatt til kommunane

I

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om egedomsskatt til kommunane (*eigedomsskattelova*)

§ 13 andre ledd skal lyde:

Ved første gongs utskriving på bustader og fritidsbustader som følge av overgang til nytt utskrivingsalternativ skal skatten for slik egedom vere kr 2 for kvart kr 1000 av takstverdet. Reglane i første ledet andre punktum flg. gjeld tilsvarende.

Noverande andre ledd blir nytt tredje ledd.

II

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane blir det gjort følgjande endringar:

§ 7 ny bokstav e skal lyde:

e) *Fritidsbustader*

III

Endringa under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Forslag
**til lov om endring i lov om skattlegging av undersjøiske
petroleumsforekomster m.v.**

I

I lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster mv. (*petroleumsskatteloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag
til lov om endring i lov om skatt til Svalbard

I

I lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om skatt til Svalbard (*svalbardskatteloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag
**til lov om endring i lov om skattlegging av personer på Jan
Mayen og i Antarktis**

I

I lov 29. november 1996 nr. 69 om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om skattlegging av personer på Jan Mayen og i Antarktis (*Jan Mayen-skatteloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endring i lov om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.

I

I lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v. blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om skatt på honorar til utenlandske artister mv (*artistkatteloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endringar i skatteloven

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt blir det gjort følgjande endringar:

§ 10-42 tredje ledd bokstav a skal lyde:

I verdien av utdelingen gjøres det fradrag for overskuddssandel etter § 10-41 multiplisert med deltakerens skattesats for alminnelig inntekt, og skjerming etter femte ledd.

§ 10-20 syvende ledd nytt sjette punktum skal lyde:

Bare den beregnede aksjeandelen oppjusteres etter § 10-11 første ledd annet punktum.

§ 14-81 sjette ledd nytt femte punktum skal lyde:

Skogeier kan velge å føre gjennomsnittsunderheng etter fjerde punktum på gevinst- og tapskonto, jf. § 14-45.

§ 10-44 første ledd tredje punktum skal lyde:

For personlig *deltaker* skal gevinst og tap etter fradrag for ubenyttet skjerming oppjusteres med 1,15. Tilsvarende gjelder for personlig deltakers konkursbo eller dødsbo.

§ 17-1 andre ledd bokstav d skal lyde:

d) trinnskatt til staten fastsatt etter de to laveste prosentsatsene,

Noverande bokstav d blir ny bokstav e.

II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt blir det gjort følgjande endringar:

§ 10-20 femte ledd nytt andre punktum skal lyde:

Tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende ved beregning av aksjeandelen i ervervsåret.

III

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt blir det gjort følgjande endringar:

§ 14-51 skal lyde:

§ 14-51. Avskrivning av vindkraftverk

Driftsmidler i vindkraftverk ervervet fra og med 19. juni 2015 til og med inntektsåret 2021, avskrives med like store årlege beløp over fem år, når arbeid på prosjektet ikke er påbegynt før 19. juni 2015. Det samme gjelder for internt nettan-

legg og betongfundament for vindkraftverk. Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av bestemmelsen, herunder presisere hvilke driftsmidler bestemmelsen skal gjelde for.

IV

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt blir det gjort følgjande endringar:

§ 10-11 fjerde og femte ledd skal lyde:

4) Kreditt eller sikkerhetsstillelse som ytes direkte eller indirekte fra selskap som omfattes av § 10-1, samt tilsvarende utenlandsk selskap, til personlig *skattyter som direkte eller indirekte eier aksjer eller andeler i selskapet*, skal regnes som utbytte for *skattyter*. Det samme gjelder der som det ytes kreditt eller sikkerhetsstillelse til personlig *skattyter* fra annet selskap i samme konsern, jf. aksjeloven § 1-3 og allmennaksjeloven § 1-3, som selskapet den personlige *skattyteren direkte eller indirekte* er aksjonær i. Som kreditt eller sikkerhetsstillelse til vedkommende *skattyter* regnes også kreditt eller sikkerhetsstillelse som gis til *skattyterens* ektefelle eller til person som *skattyteren* er i slekt eller svøgerskap

med i opp eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som onkel eller tante. Departementet kan ved forskrift bestemme at enkelte typer kreditt eller sikkerhetsstillelse ikke skal anses som utbytte.

(5) Besluttet utbytte som motregnes mot kreditt som tidligere er regnet som *utbytte etter reglene i fjerde ledd*, anses ikke som skattepliktig utbytte for aksjonæren.

§ 10-42 elevte ledd skal lyde:

Bestemmelsene i § 10-11 fjerde til sjette ledd får tilsvarende anvendelse for lån fra selskapet til personlig deltaker.

Noverande § 10-42 elevte ledd blir nytt tolvte ledd.

V

Endringane under I trer i kraft straks.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2016.

Endringane under III tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer.

Endringane under IV tek til å gjelde straks med verknad frå og med 11. mai 2016.

Forslag

til lov om endring i lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

I

I lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. blir det gjort følgjande endring:

Tittelen til lova skal lyde:

Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (*merverdiavgiftskompensasjonsloven*)

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endringar i skatteinntakslagen

I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav blir det gjort følgjande endringar:

§ 10-11 første punktum skal lyde:

For betaling av lønnstrekk av inntekt på Svalbard gjelder § 10-10 tilsvarende.

§ 10-11 tredje punktum blir oppheva.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav blir det gjort følgjande endringar:

§ 5-5 første ledd skal lyde:

(1) Dersom arbeidsgiver ikke har fått de opplysninger som fremgår av skattekortet, og dette ikke skyldes forsømmelse eller mangel på tilbørlig aktsomhet fra arbeidsgivers side, skal forskuddstrekket gjennomføres etter det siste beregnede skattekort. Dersom arbeidsgiver ikke har tilgang til opplysninger fra det siste beregnede skattekortet, skal det foretas forskuddstrek med 50 prosent. Det samme gjelder når det skal foretas forskuddstrek i ytelses etter folketrygdlagen kapitlene 4, 8 til 11 og 14 og i uføreytelser, stønader mv. som beskattes som lønn. Forskuddstrek i andre trekpliktige trygdeytelser, pensjoner, vartpenger, livrenter og lignende stønader og ytelses foretas med 30 prosent.

§ 5-7 skal lyde:

§ 5-7. Ytelses som det ikke skal foretas før forskuddstrek i

- (1) Det skal ikke foretas forskuddstrek i:
- a) lovbestemt feriegodtgjørelse, lønn og ytelses som skattlegges som lønn, i ferietiden. Skattytere med månedsbetaling kan fritas for trekk for en måned i ferietiden om sommeren og for en halv måned før jul. Skattytere med uke-, dag- eller timebetaling kan fritas for trekk i 4 uker i ferietiden om sommeren og 2 uker før jul. Departementet kan i forskrift bestemme at det for skattytere som har kortvarig tilknytning til riket, skal foretas forskuddstrek gjennom hele året uten noen trekkfrie perioder.
 - b) livrente, pensjon, vartpenger, introduksjonsstønad og supplerende stønad til person med kort botid i Norge for en måned før jul. Fritaket gjelder ikke beløp som først kan heves etter årets utgang.
 - c) foderåd og underholdsbidrag.

(2) Fritaket etter første ledd bokstav a og b gjelder ikke når trekket beregnes etter § 5-5 femte ledd.

(3) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring av trekkfritak etter første ledd, herunder at andre ytelses skal unntas fra trekplikt eller at fritak i visse tilfelle skal gis for andre tidsrom enn nevnt i første ledd bokstav a.

§ 5-9 første ledd bokstav a skal lyde:

a) pensjonsinnskudd som arbeidsgiver avkorter i lønnen, og som skattyter vil ha krav på fradrag for ved ligningen etter skatteloven § 6-47 første ledd bokstav a og b og § 6-72,

III

Endringane under I tek til å gjelde 1. januar 2017 med verknad for terminar som startar denne dagen og seinare.

Endringane under II tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endringar i merverdiavgiftsloven

I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift blir det gjort følgjande endringar:

§ 6-19 andre ledd skal lyde:

(2) Næringsmidler som leveres vederlagsfritt til mottaker for utdeling på veldig grunnlag, er friatt for merverdiavgift. Mottakeren må være registrert i Enhetsregisteret. Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om hvilke mottakere som

det kan foretas merverdiavgiftsfrie leveranser til, og hva som er å anse som utdeling på veldig grunnlag.

§ 6-19 noverande andre ledd blir nytt tredje ledd.

II

Lova tek til å gjelde 1. juli 2016.

B – Forslag til stortingsvedtak

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2016

I

Frå 1. juli 2016 blir det gjort følgjande endring i Stortingets vedtak 14.12.2015 nr. 1568 om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringa for budsjetterminen 2016:

II skal lyde:

Produktavgiften skal være *2,5 prosent fra og med 1. juli 2016.*

II

Vedtaket tek til å gjelde 1. juli 2016.

Forslag

til vedtak om endringar i Stortingets vedtak om særavgifter til staten for budsjettåret 2016

I

I Stortingets vedtak 14. desember 2015 nr. 1570 om særavgifter til staten for budsjettåret 2016 II blir det gjort følgjande endringar i kapittelet Om veibruksavgift på drivstoff (kap. 5538 post 70, 71 og 72) del II:

§ 6 nytt annet ledd skal lyde:

Det gis fritak for naturgass som benyttes for å oppfylle leveringsforpliktelse av biogass i tilfelle der biogass ikke er tilgjengelig. Fritaket begrenses til

inntil 30 pst. av den samlede omsetningen av gass per kalenderår.

§ 6 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om gjennomføring, avgrensing av og vilkår for fritak.

II

Vedtaket tek til å gjelde frå den tid departementet bestemmer.

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak om toll for budsjettåret 2016

I

Frå 1. juli 2016 blir det gjort følgjande endring i Stortingets vedtak 14. desember 2015 nr. 1571 om toll for budsjettåret 2016:

Ny § 6 skal lyde:

§ 6 *Gjennomføring av erklæring om utvidet vareomfang i informasjonsteknologiavtalen*

Stortinget samtykker i å binde tollsatsene i henhold til erklæringen fra en gruppe WTO-medlemmer av 16. desember 2015 om en utvidet vareliste for tollfri markedsadgang for informasjonsteknologivarer, som inntatt i utrykt vedlegg.

II

Vedtaket tek til å gjelde 1. juli 2016.

Tinging av publikasjoner

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: 07 Aurskog AS – 06/2016

